

Vaksdal kommune



Skulebruksplan 2015-2030

Versjon: Høyringsutkast

2015-09-03 Oppdragsnr.: 5150543



Rev.	Dato:	Omtale	Utarbeidet	Fagkontroll	Godkjent
29.09.15		Skulebruksplan	TG/ES	AKB	AKB/WAG
05.11.15					
06.11.15					

Dette dokumentet er utarbeida av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrer Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som framgår i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

Innhald

1	Grunnlaget for skulebruksplanen	5
1.1	Bakgrunn	5
1.2	Om planarbeidet	5
1.3	Bakgrunnsdokument	6
1.4	Organiseringa av planarbeidet	6
1.5	Rammevilkår – sentrale lover, regelverk og læreplanverk	6
1.5.1	Opplæringslova	6
1.5.2	Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.	7
1.5.3	Arbeidsmiljølova	7
1.5.4	Plan og bygningslova	7
1.5.5	Kommunale føringar	7
1.5.6	Kunnskapsløftet	7
2	Elevtalsframskrivingar	9
2.1	Prognoseføresetnader	9
2.1.1	Samla folketalsutvikling – tre alternativ Statistisk Sentralbyrå (SSB)	9
2.2	Heile grunnskulen (ekskl. gjesteelevar til Mo skule)	10
2.3	Dale barne- og ungdomsskule (kombinert 1-10 skule)	11
2.4	Stamnes skule (fådelte 1-7 skule)	12
2.5	Stanghelle skule (1-7 skule)	13
2.6	Vaksdal skule (1-7 skule)	14
2.7	Eksingedalen skule	15
3	Analyse med kapasitetsvurderingar	16
3.1	Samla kapasitetsvurdering av grunnskulane	17
3.1.1	Samla kapasitetsvurdering – heile kommunen	17
3.2	Dale barne- og ungdomsskule	18
3.3	Eksingedalen skule	21
3.4	Stamnes skule	24
3.5	Stanghelle skule	27
3.6	Vaksdal skule	30
4	Sentrale moment i vurderinga av lokal skulestruktur	33
4.1	Plan-, behovs- og kapasitetsfokus:	35
4.2	Pedagogiske og organisatoriske fokus	35
4.2.1	Skulestorleik – kan ein skule vere for liten og for stor?	35
4.3	Økonomisk fokus	39
4.4	Bygningsmessig fokus	41
4.5	Nærmiljø- og folkehelsefokus	45
4.5.1	Skuleskyss og reisetid	46
5	Arealnorm	48
5.1	Grunnskule	48

5.1.1	Tekst/utfyllande forklaring til arealnorma	48
5.1.2	Generelt læringsareal	48
5.1.2.1	Spesielt læringsareal	48
5.1.2.2	Personal- og administrasjon	49
5.1.2.3	Andre funksjoner	49
5.2	Døme på ein arealnorm for Vaksdal kommune	50
5.2.1	Barneskular	50
5.2.2	Kombinerte skular, 1.-10. trinn	51
6	Strukturmogelegheiter	52
6.1	Hovudintrykk for skulane i Vaksdal kommune	52
6.2	Overordna føringar	52
6.3	Økonomiske forutsetningar for investeringskostnader og driftskonsekvensar	53
6.3.1	Rive-/saneringskostnader	53
6.3.2	Rehabilitering og vedlikehaldsetterslep av eksisterande areal	53
6.3.3	Rehabilitering, ombygging og vedlikehaldsetterslep Dale BU	53
6.3.4	Nybygg/tilbygg (inkl. mva.)	53
6.4	Gjesteelevar til Mo skule	54
6.5	Fire moglege alternativ / konsept	55
6.6	Alternativ 0A – Vidareføring av dagens situasjon (referansealternativet)	56
6.6.1	Strukturkonsekvensar	56
6.6.2	Investerings- og bygningsmessige konsekvensar for alternativ 0A	56
6.7	Alternativ 0B – Vidareføring av dagens skulestruktur	57
6.7.1	Strukturkonsekvensar	57
6.7.2	Investerings- og bygningsmessige konsekvensar for alternativ 0B	57
6.8	Alternativ 1 - Fem skular – 5.-10. årssteg samla på Dale BU	58
6.8.1	Strukturkonsekvensar	58
6.8.2	Investerings- og bygningsmessige konsekvensar for alternativ 1	58
6.8.3	Elevtalsframskriving for skulane, strukturalternativ 1	58
6.9	Alternativ 2 – Tre skular –Dale BU, Vaksdal og Eksingedalen	60
6.9.1	Strukturkonsekvensar	60
6.9.2	Investerings- og bygningsmessige konsekvensar	60
6.9.3	Elevtalsframskriving for skulane, strukturalternativ 2	60
6.10	Alternativ 3 – 1.-10. årssteg på Dale barne- og ungdomsskule.	61
6.10.1	Strukturkonsekvensar	61
6.10.2	Investerings- og bygningsmessige konsekvensar	61
6.10.3	Elevtalsframskriving for skulane, strukturalternativ 3	61
7	Estimerte driftsmessige konsekvensar	62
7.1	Driftskonsekvensar tufta på vidareføring av dagens kostnadsnivå (2015-2030).	63
7.2	Driftskonsekvensar tufta på vidareføring av FDV-nivået i energistrategi 2020	64

1 Grunnlaget for skulebruksplanen

1.1 Bakgrunn

Med bakgrunn i kommunestyrevedtak i sak 46/2015 og 49/2015 er Norconsult blitt beden om å vurdere framtidig skulestruktur i Vaksdal kommune. I vedtaket heiter det mellom anna at:

«Kommunestyret tar rapporten «Oppsummering alle tilstandsvurderingar, revisjon 03» til orientering. Rådmannen får fullmakt til å utarbeide forprosjekt for ny barne- og ungdomskule på Dale i tre alternativ:

0 Skulestruktur som i dag

1 Auke i elevtal ved overføring av elevar frå Stamnes og Stanghelle

2 Auke i elevtal ved overføring av elevar frå Stamnes, Stanghelle og Vaksdal.

3 Auke i elevtal ved overføring av elevar på mellomsteget frå Stamnes, Stanghelle og Vaksdal

Forprosjektet vil saman med vedlagte rapport og skulefaglege vurderingar inngå i grunnlaget for ny skulestruktur».

Skulebruksplanen skal vere eit overordna politisk styringsdokument der samfunnsmessige behov vert avdekka, og kor ein set mål og vedtek løysingar for store deler av korleis grunnskuletenestene skal innrettast – på lang sikt.

Skulebruksplanen skal gje kommunen fagleg grunnlag til å planleggje og prioritere utbygging av skulekapasiteten i tråd med behova og som samsvarer med den økonomiske røynda i kommunen.

Planen skal vere i tråd med kommunale og nasjonale målsetjingar.

Skulebruksplanen er òg eit utgangspunkt for rådmannen sitt administrative arbeid og forvaltninga av oppgåver innan skuleområdet.

1.2 Om planarbeidet

Målet med planarbeidet har vore:

- ❖ å sikra samsvar mellom elevtalsutvikling (behov) og tilgjengeleg skulekapasitet (skuleplassar)
- ❖ å sikra best mogeleg bygningsmessig kvalitet i skulen og ein optimal bruk av dei rammene kommunen til ein kvar tid rår over
- ❖ å koma fram til ein skulestruktur som er tilpassa føresetnader som ligg i overordna plangrunnlag
- ❖ sikra eit godt arbeidsmiljø for tilsette og elevar

- ❖ gje råd om fysiske og pedagogiske arealrammer

Det vert fremja eiga sak på eventuelle endringar av skulekrinsgrenser.

1.3 Bakgrunnsdokument

- Kommunestyrevedtak Vaksdal kommune, 22.06.2015, Sak 46/2015 og 49/2015
- Kunnskapsgrunnlag til prosess for drøfting av ny skulestruktur. Vaksdal kommune 2015.
- Skredsikring ved Eksingedalen skule, Multiconsult 2013
- Tilstandsvurderingar kommunale skulebygg, Norconsult 2015

1.4 Organiseringa av planarbeidet

Planarbeidet har vore organisert av ei administrativ arbeidsgruppe, leia av Kommunalsjef oppvekst Ann-Kristin Bolstad. Grappa har elles hatt slik samansetning:

Magnar Helland, einingsleiar oppvekst
Willy André Gjesdal, einingsleiar samfunnsutvikling
Truls Morten Kaland, økonomisjef
Arild Johannessen, hovudtillitsvalt Utdanningsforbundet

Norconsult, ved Terje Gregersen og Espen Storstrand, har vore engasjert som konsulent for utarbeiding av skulebehovsplanen.

Det er òg gjennomført møte med rektorarne, verneombod og ATV i høve utgreiinga.

1.5 Rammevilkår – sentrale lover, regelverk og læreplanverk

Lover, forskrifter og rettleiingar frå nasjonalt hald gjev føringar som skuleanlegga skal innfri. I dette kapittelet er det lista opp dei mest aktuelle føringane for skulebruksplanen. Dette gjeld mellom anna opplæringslova med forskrift, forskrift for miljøretta helsevern i barnehagar og skular med rettleiing, arbeidsmiljølova og forskrift om arbeidsplassar og arbeidslokale med rettleiing, her under inneklima.

1.5.1 **Opplæringslova**

Opplæringslova § 8-1 Skolen, 1. ledd:

«Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje».

Opplæringslova § 9-5. Skuleanlegga: «Kommunen skal sørge for tjenlige grunnskoler. Til vanlig bør det ikke etableres grunnskoler med mer enn 450 elever».

Det eksisterer ikkje nokon absolutt grense for kor store skulane kan vere. Det er mange døme som viser at skular med god plass og god sonedeling kan fungere godt med eit høgare elevtal enn 450. Korleis anlegget er lagt til rette og korleis dagen er organisert har meir å sei for kvaliteten enn sjølvje elevtalet.

I skuleåret 2014/15 var det omkring 256 grunnskular i Noreg med over 450 elevar, og vi kan til ein viss grad seie at paragrafen er ein «sovande» paragraf. Meir sentralisering og samanslåing av mindre skular til større skular, er aukande i Noreg, og det er truleg dei minste skulane som vert hardest råka av denne sentraliseringstrenden. 40 prosent av skulane har ein storleik mellom 100 – 300 elevar. Dette er også ein skulekategori som er veksande.

1.5.2 **Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.**

Forskrifta trådde i kraft 01.01.1996 og vert ofte omtala som barnas arbeidsmiljølov. Forskrifta inneheld krav til det fysiske og sosiale miljøet, og gjev krav til bl.a. ansvarsforhold, internkontroll, plikt til opplysning og informasjon, tilsyn, sanksjonar og klage. Føremålet med forskrifta er å bidra til at miljøet i barnehagar og skular fremmer helse, trivsel og gode sosiale og miljømessige tilhøve samt førebygger sjukdom og skade. Den einskilde skule og barnehage skal godkjennast etter forskrifta. Dette gjeld også nye anlegg. Det er kommunelegen som er godkjenningssmynde i Vaksdal kommune.

Det må vere eit mål at alle skuleanlegg i kommunen er godkjent etter Forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar.

1.5.3 **Arbeidsmiljølova**

Dei tilsette sine miljøkrav er ivaretatt gjennom Arbeidsmiljølova. Arbeidsmiljølova sitt føremål er å sikre eit arbeidsmiljø som gjev " full trygghet mot fysiske og psykiske skadevirkningar" samt å bidra til eit "inkluderende arbeidsliv" (§ 1-1). Arbeidstilsynet fører tilsyn med at lova vert etterfølgd.

1.5.4 **Plan og bygningslova**

Plan og bygningslova med tilhørande byggeforskrift inneheld omfattande krav til det fysiske miljøet, her under krav til universell utforming. Ny plan og bygningslov trådde i kraft juli 2010. Lovverket skal føljest i samanheng med planlegging og oppføring av nye skular og barnehagar, samt rehabilitering av eksisterande bygg.

1.5.5 **Kommunale føringar**

Skulebruksplanen må sameinast med eksisterande plandokument og politiske vedtak i Vaksdal kommune. Særleg gjeld dette det føreståande planarbeidet med Kommuneplanen sin samfunnsdel og det pågåande omstillingsarbeidet som skjer i kommunen.

Skulebruksplanen nyttar middels framskrivingsalternativ frå SSB (MMMM), som grunnlag for elevtalsframskrivinga. Dette er eit alternativ som inneber auka tilflytting i alle skulekrinsane dei komande 15 åra. Det betyr at ein forventar uttelling av omstillingstiltak i samband med andre overordna planar.

1.5.6 **Kunnskapsløftet**

I den generelle delen av Kunnskapsløftet vert dei viktigaste sidene oppsedinga og opplæringa skal ta omsyn til omtala. Den generelle delen dannar eit forpliktande grunnlag for læreplanen for fag i grunnskule og vidaregåande opplæring. Dei sju ulike sidene ved mennesket som vert framheva i den generelle delen er:

- ❖ Det meiningssøkjande menneske
- ❖ Det skapande menneske
- ❖ Det arbeidande menneske
- ❖ Det allmenndanna menneske

- ❖ Det samarbeidande menneske
- ❖ Det å miljømedvitne menneske
- ❖ Det integrerte menneske

Fagdelen av Kunnskapsløftet omhandlar dei ulike fagområda for grunnskulen. Hovudidèen bak læreplanane er Einskapsskulen der omgrepa "fellesskap" og "tilpassing" står sentralt. Ein skule for framtida må difor leggja til rette for:

- ❖ Mangfaldet i elevane sine interesser og føresetnader
- ❖ Endringar som følgjer med aukande alder
- ❖ Mangfaldet i familie- og kulturell bakgrunn til elevane
- ❖ Det mangfaldet som òg vil prega lærarane og dei vaksne som deltar aktivt i skulekvardagen
- ❖ Ikkje berre framtidige utfordringar, men òg ein meningsfull dag i dag og ei tilhøyrsløse for den einskilde og fellesskapet sin bakgrunn.

Læringsplakaten stiller auka krav til tilpassa eller differensiert opplæring. Læringsplakaten er forskriftsfesta og omfattar grunnleggjande prinsipp og krav som skal prege og forplikta skular. Skulen skal fremja tilpassa opplæring og varierte arbeidsmåtar, og har soleis trong for tilrettelagde læringsarenaer som gir høve til varierte undervisningsformer. (NOU 2006:16 I første rekke).


2 Elevtalsframskrivingar

2.1 Prognoseføresetnader

Elevtalsframskrivingane som vert presentert under er basert på tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) sine modellar for middels vekst (MMMM) for perioden 2016 – 2030. Elevane er fordelt etter den gjennomsnittlege elevtalsutviklinga på kvart årssteg i dei siste seks åra. Gjennomsnittstalet vert samanhalde med SSB sine tal for elevtalsutviklinga på kvart årssteg i perioden. Det inneber at den same prosentvise elevfordelinga i dei siste seks skuleåra for barnesteget – dannar utgangspunkt for elevfordelinga av SSB sine framskrivingstal for kvar einskild skule.

2.1.1 **Samla folketalsutvikling – tre alternativ Statistisk Sentralbyrå (SSB)**

Figuren under syner to framskrivingsalternativ frå SSB – låg og middels vekst. Det er valt å nytte middels vekst som framskrivingsalternativ (grøn linje) i samband med elevtalsutviklinga i dette planarbeidet.




Figur 2.1.1: Elevtalsframskriving for elevar på 1.-10.trinn, basert på låg- og middelsalternativ frå SSB. Framskrivinga er justert for faktisk elevtal skuleåret 2014/15.

Norconsult har manuelt tilpassa elevtalsprognosen med utgangspunkt i SSB sitt framskrivingsalternativ for middels vekst (MMMM). Denne framskrivinga vil ligge mellom SSB sitt alternativ for middels vekst (MMMM) og låg vekst (LLML) i figuren ovanfor.

Tal frå SSB syner at folketalet i Vaksdal kommune har gått noko ned i perioden 2004 til 2015. I same periode har kommunen fått fleire eldre, og færre yngre innbyggjarar.

2.2 Heile grunnskulen (ekskl. gjesteelevar til Mo skule)




Figur 2.2: Elevtallsframskrivning for elevar på 1.-10.trinn, basert på middelsalternativ frå SSB. Framskrivinga er justert for faktisk elevtal skuleåret 2014/15.

Tufta på Norconsult sin elevtalsprognose, er det venta ein liten auke i elevtalet på mellomlang sikt til 490 – 520 elevar samla i heile grunnskulen. Gjesteelevarne til Modalen er trekt ut av denne figuren.

I 2030 tilseier elevtallsframskivinga at kommunen har eit samla elevtal på ca. 515 elevar. Ei rein framskrivning av SSB sitt alternativ for middels vekst ville gitt 572 elevar i 2030 eller ca. 40 elevar fleire enn den manuelt justerte prognosen i figuren ovanfor.

2.3 Dale barne- og ungdomsskule (kombinert 1-10 skule)




Dale barne- og ungdomsskule tar i mot elever frå Dale skulekrins på barnetrinnet, og er sentralskule for Vaksdal kommune på ungdomstrinnet. På barnetrinnet er skulen fådelt med 4 klassar, medan ungdomstrinnet har 2 parallellar på 8.-10. trinn.

Skulen kan forvente ein liten elevtalsauke på kort sikt på barnesteget, men prognosen forventar at samla elevtal på barnesteget vil ligge under 100 elevar i brorparten av prognoseperioden.

Barnesteget vil også i framtida få årstrinn som er varierende i storleik og antall. Skulen må truleg rekne med at det vert klassestorleikar under 10 elevar. Dette gjev grunnlag for at barnesteget vert fådelt i overskodelig framtid.

Ungdomssteget vil som hovudregel ha eit elevtal som tilseier drift i ein to-parallell skule med 6 klassar. Einskilde årstrinn kan verte over 60 elevar og soleis gje grunnlag for 3 klassar på trinnet.


2.4 Stamnes skule (fådelte 1-7 skule)



Med bakgrunn i den gjennomsnittlege elevtalsutviklinga i dei siste 6 åra, vil skulen ha eit elevtalsgrunnlag mellom 30-40 elevar innover framskrivingsperioden. Skulen vert fådelte i heile perioden – med eit driftsgrunnlag i 3-4 klassar.

Skulen vil få ujamne årstrinn med 1-10 elevar pr. trinn.


2.5 Stanghelle skule (1-7 skule)



Stanghelle skule kan forvente stabil elevtalsutvikling i prognoseperioden med 70 – 90 elevar fram til skuleåret 2030/31.

Også Stanghelle skule får tidvis ujamne årstrinn. Neste år vert 1. klasse opp mot 20 elevar, noko som gjer at dette vert den største klassen ved skulen. Fødselstala i krinsen er relativt høge, slik at skulen kan forvente fleire elevar som kjem inn i skulen – samanlikna med dei elevane som går ut av skulen.

2.6 Vaksdal skule (1-7 skule)




Tabell 2.6: Elevtallsframskrivning for elevar på 1.-7 trinn Vaksdal skule, basert på middelsalternativ frå SSB.

Skuleåret 2015/16 er det nær 130 elevar på Vaksdal skule. Færrest elevar er det på 7. trinn med berre 5 elevar, medan det på 3. trinn er 29 elevar. I åra framover er det forventa at trinna vil ha eit elevtal mellom 12 og 25 elevar, tilsvarende ein klasse pr. trinn. Det store kullet på 29-30 elevar vil skulen ha til og med skuleåret 2019/20.

Det er venta at elevtalet gradvis vert lågare i åra fram mot 2023. Deretter er det venta at talet igjen vil auke til omlag 140-150 elevar i 2030.

2.7 Eksingedalen skule



Eksingedalen skule er ein fådelt 1.-10.skule, og skuleåret 2015/16 er det 15 elevar ved skulen. Både barne- og ungdomstrinnet er udelt.

Sidan skuleåret 2010/11 til 2014/15 har talet på elvar ved skulen gått ned frå 21 til 10. I same periode utgjør elevane på Eksingedalen skulen i gjennomsnitt har 3,5% av samla elevtal i kommunen.

Basert på erfaringstal (GSI) og talet på born under skulealder (1-5 år), er det venta at elevtalet vil variere frå 10 til 20 vidare utover i planperioden.

Skulekrinsen er stor i avstand og elevar lengst opp i dalen (Gullbrå) har over ein time reiseveg – ein veg. Elevar på Eidslandet og gardane nærast tunellen mot Modalen kommune har fått innvilga skulebyte til Mo skule som gjesteelevar. I skuleåret 2015/16 utgjør dette 19 elevar eller nesten dobbelt sa mange elevar som går ved Eksingedalen skule inneverande skuleår.

3

Analyse med kapasitetsvurderingar

Det føreligg ikkje egne statlege arealkrav for skuleanlegg, slik som det f.eks. gjer for barnehagebygg. I rettleiar til forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular (Helsedirektoratet 2014) er det presisert størrelsen på innvendig areal i grunnskular og vidaregåande skular. Dette kapitlet og arealanalysane tek omsyn til føringane i rettleiaren.

Vurdering av kor mange elevar og tilsette den enkelte skule har plass til, er i stor grad basert på lokalt skjønns og tek i hovudsak utgangspunkt i det gamle klassedelingsstalet. I dette kapitlet er elevkapasiteten i grunnskulane, vurdert etter fastsette metodar, slik at alle skulane blir vurdert etter dei same kriteriene. Dette for å sikre en mest mulig likebehandling og lik areal- og kapasitetsvurdering.

I rettleiar til forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular står dette om areala inne:

Undervisningsrom/Klasserom: Ved beregning av maksimale elevtall i et undervisningsrom, bør det tas hensyn til hele læringsarealet som klassen/elevgruppen disponerer. Det må også tas hensyn til rommenes utforming, innhold og ventilasjonsforhold. Læringsarealet til en klasse/elevgruppe skal legges til rette for varierte arbeidsformer og tilhørende utstyr.

Når en klasse/elevgruppe disponerer tilleggsarealer (grupperom, formidlingsrom eller andre rom) i nærheten av klasserommet/hovedrommet, må klasserommet/hovedrommet planlegges etter en arealnorm på minimum 2 m² pr. elev. Så lenge inneklimate er tilfredsstillende og aktiviteten i rommet er tilpasset, kan elevtallet i enkeltrom (som f.eks. formidlingsrom og auditorier) gjerne være høyere enn normen på 2 m² pr. elev tilsier. Dersom klassen/elevgruppen ikke disponerer tilleggsarealer i nærhet til klasserommet/hovedrommet, bør arealet være større, helst opp mot 2,5 m² pr. elev.

Areal for ansatte kommer i tillegg til arealnormen i avsnittet over.

Spesialiserte læringsareal: Spesialiserte læringsarealer er rom som er innredet med tanke på andre aktiviteter enn de det er lagt til rette for i klasserommet eller hovedrommet til en klasse eller elevgruppe, og som disponeres av flere klasser/elevgrupper. Eksempel på slike rom er rom til naturfag, musikk, kroppsøving, kunst og håndverk og mat og helse. I videregående skole vil spesialiserte læringsarealer også omfatte verksteder og spesialutstyrte rom for ulike utdanningsprogram.

Det kan ikke settes et bestemt arealkrav til slike rom fordi det vil variere etter hvilket utstyr og inventar som er nødvendig og hvilke aktiviteter som skal foregå.

Vurderingene av disse arealene må basere seg på om sikkerheten og krav til inneklimate som luft, lys og akustikk er ivarett (jf. § 14).

<http://helsedirektoratet.no/publikasjoner/miljo-og-helse-i-skolen/Publikasjoner/IS-2073-Veileder.pdf>


Opplæringsloven hadde tidlegare regler for klassestørrelsar, men desse blei oppheva i 2003. I dag heiter det seg at «Klassene, basisgruppene og gruppene må ikke være større enn det som er pedagogisk og trygghetsmessig forsvarlig» (Opplæringsloven 8-2). Stortinget vedtok samtidig at «Klassedelingsstalet skal ligge til grunn som minstenivå for ressurstildeling også etter at bestemmelsen om klassedelingsstalet er opphevet» (Stortingsvedtak 2002/2003, Odelstingsprop.nr.67)

3.1 Samla kapasitetsvurdering av grunnskulane

Kapasiteten på skulane er vist i kapasitetsfigurer som samanstillar fleire typar informasjon:

1. Elevtalsprognose for den enkelte skule – totalt elevtal vist som ein blå linje.
2. Skulens kapasitet - vist med fargekode i bakgrunnen av figuren. Prognoselinja si plassering over fargebakgrunnen angir korleis skulen er utnytta i høve til kapasitet:
 - Grønt: Ledig kapasitet.
 - Gult/oransje: Godt utnytta kapasitet.
 - Oransje/rødt: Fullt utnytta kapasitet.
3. Skulens gruppe-/klassekapasitet, utleia frå tal på klasserom på skulen – vist som raud strek.
4. Prognose for tal på grupper/klassar (generert frå prognosen) – vist med blå søyler.

3.1.1 Samla kapasitetsvurdering – heile kommunen



Vaksdal kommune har tilgjengeleg skulekapasitet til ei elevmengde på om lag 700 elevar fordelt på fem skuleanlegg og 35 klasserom.

Kommunen har god skulekapasitet i høve elevtalsbehova. Det er plass til fleire elevar i Vaksdal-skulen.

Skuleanlegga er av ulik bygningsmessig standard og med ulik pedagogisk funksjonalitet.

3.2 Dale barne- og ungdomsskule

Skuletype:	Kombinertskule	1.-10. trinn
Brutto bygningsareal		8142 m ²
Tomteareal		16 016 m ²
Elevkapasitet		330

Nøkkeltal for skuleåret 2014/15	
Elevtal	230
Tal på barn i SFO	25
Pedagogisk personale	26
Andre tilsette*	12

*Andre tilsette er her leiing, merkantil og assistentar i skulen.



Dale barne- og ungdomsskule ligger i sentrum av Dale, i Vaksdal kommune. Skolen tar i mot elever frå Dale skolekrins på barnetrinnet, og er sentralskule for Vaksdal kommune på ungdomstrinnet. På barnetrinnet er skolen fådelt med 4 klasser, mens ungdomstrinnet har 2 parallellar på 8.-10. trinn.

Skulebygget består i hovudsak av 3 bygningar som henger saman. Barneskulebygget i øst er frå 1937. Realfagbygget er i frå 1953 og ligger midt i anlegget. Ungdomsskulefløya strekker seg i retning sør frå gymsalen. Bygget er frå 1968 og heng saman med gymsal og symjehall.

Tidlegare var barne- og ungdomsskulen to ulike skular, men frå 2004 ble de slått saman til en kombinertskule. I 2003-2004 ble det gjennomført noko oppussing av barneskulefløya, symjehall med garderober og auditorium på ungdomsskulen.

Generelle læringsareal

Dale barne- og ungdomsskule har i alt 15 klasserom, og 16 grupperom. Dei fleste klasseromma har eit areal på omkring 55m², men på ungdomsskulen er det og eit større klasserom på 81m². SFO har base i 2. etasje i barneskulebygget. Samla baseareal for SFO er 83m².

Elevane har garderober i gangarealet utanfor klasseromma. Elevtoaletta er samla i eit anlegg for barneskulen og eit for ungdomsskulen. I tillegg er det nokre elevtoalett i begge ender av ungdomsskulebygget og ved elevkantina.

Spesialisert læringsareal

Skulen har tilgang på spesialiserte undervisningsareal i dei fleste faga. Gymsalen som ligg i ungdomsskuledelen vert i liten grad nytta ettersom ungdomsskulen i staden nyttar Dale idrettshall. Musikkundervisninga er lagt til auditoriet. Dette ligg under bakkenivå, og her er det ikkje tilgang på dagslys.

Skulen har ein stor kunst og handverksavdeling i første etasje på ungdomsskulen. Her er det ein tradisjonell sløydsal, tekstilrom og eit rom for male- og teikneaktivitetar. Lager- og verkty/utstyrsrom ligg i tilknytning til avdelinga.

Mat- og helseavdeling ligg i andre etasje på ungdomsskolen. Samla areal er 112 m². Det er ikkje montert avtrekk frå kjøkkenstasjonane. Det er heller ikkje annan ventilasjon i avdelinga.

Naturfagsal med førebungsrom ligg i tredje etasje i realfagbygget.

Areal for tilsette

Lærarane på ungdomssteget har arbeidsplassar og garderober i ungdomsskulebygget. Lærarane på barnesteget har tilsvarande i underetasjen på barneskulebygget. Det er kopi- og rekvisitarom i begge bygga. Pause-/personalrom ligg sentralt plassert i realfagbygget. Skuleleiinga har kontora sine i 2. etasje, att med personalrommet.

Uteområdet

Tomtearealet er samla på omkring 16.000m² (målt på kart). Av dette er omkring 7600m² opparbeidd og tilgjengeleg for elevane i friminutta. På framsida av skulebygget er det asfaltert skulegard og ei ballbinge. På baksida er det meir tilrettelagt for dei yngste elevane, men leikeapparat, klatrestativ og ei «miniballbinge».

Ein kommunal bustad og eit eldre kontorbygg for ppt ligg inne på skuletomta, bak barneskulebygget.

Sambruk

Lokale lag og foreiningar nyttar ulike rom i skulebygget på ettermiddags- og kveldstid.

Teknisk vurdering

Teknisk gjennomgang av skuleanlegget våren 2015 (Norconsult) avdekka eit omfattande vedlikehaldsetterslep i heile skuleanlegget. Anslag for samla kostnad for vedlikehaldsetterslepet er kr. 215 mill. (inkl. mva) fram til år 2040. Tiltak som må gjerast innan 10 år utgjer omkring kr. 182 mill. (inkl. mva).

Vurdering av elevkapasitet

Skolen har til saman 15 klasserom, og desse varierer i størrelse frå 50,4 til 81,7m². Samla klasseromareal er 847m². Dei fleste klasseromma er under 60m² (13 av 15), og dette fører til at elevtalet i klassane vil liggje noko under delingstalet på 28/30 elever. Samla klasseromareal tilseier ein teoretisk kapasitet på 380 elever med delingstall 2,14 (m² pr. elev).

Med dagens fysiske løysningar, er det naturleg å ta utgangspunkt i at skolen har kapasitet til ein klasse pr. trinn i barneskolen (1-7) og to klasser pr. trinn i ungdomsskolen. Dette vil gi skolen 13 klasser i et normalår. Med ein slik inndeling vil skulen kunne handtere enkelte år med store barnekull som fører til fleire klasser på enkelte årstrinn.

Svingingar i fødselstala frå år til år fører til at det enkelte år vil vere lågare elevtall på nokon trinn enn det kapasiteten tilseier. Ein vurdering av elevkapasitet med 13 fulle klassar vil gje eit godt bilde på reell kapasitet innanfor dagens fysiske rammer. Då vil skulen ha kapasitet til to ekstra klassar, samstundes som enkelte andre klassar ikkje er fylt heilt opp.

Funksjonell elevkapasitet vert då rundt 330 elevar.

Oppsummering

Teknisk gjennomgang av Dale barne- og ungdomsskule har avdekkja eit betydeleg vedlikehaldsetterslep. Skulen er lite arealeffektiv og ein stor del av areala er gang- og trafikkareal. Store avstandar mellom sentrale funksjonar i skulebygget (både i lengde og i høgde), små klasserom, dårlege garderobeløysningar for elevane, mykje trafikk i gangareala og manglar i høve til innemiljø m.m, gjer sitt til at skulebygget i skulekvardagen


opplevast som lite funksjonelt (Meir utfyllande om pedagogisk funksjonalitet i kap 4.4). Inventar og utstyr i undervisningsareala ber preg av lang tids bruk og slitasje, og bør skiftast ut.

Kommunal bustad og ppt-bygg på skuletomta bør rivast. Deretter bør ein ruste opp og utvide uteområdet.

Det anbefalast at framtidig skuledrift ved Dale barne- og ungdomsskule vert basert på nytt skulebygg.

Dale BU		
	Areal	Antall rom
Samla bruttoareal	-	
Netto generelt læringsareal	1 856 m ²	
Klasserom	844 m ²	15 rom
Grupperom	305 m ²	16 rom
Garderobes og toalett	142 m ²	12 rom
SFO	83 m ²	2 rom
Andre generelle arealer (Fellesareal, baseareal, allrom etc.)	482 m ²	4 rom
Netto spesialisert læringsareal	661 m ²	
Mat og helse	112 m ²	3 rom
Musikk	-	-
Naturfag	77 m ²	1 rom
Kunst og håndverk	282 m ²	6 rom
Bibliotek	39 m ²	1 rom
Andre spesialareal	151 m ²	1 rom
Nettoareal personalavdeling	543 m ²	
Lærerearb.pl.	226 m ²	
Kontor	57 m ²	
Forkontor	27 m ²	
Møterom	32 m ²	
Personalrom	103 m ²	
Personalgarderobes/WC	25 m ²	
Kopi og arkiv	73 m ²	
Annet personalareal	-	

Tabell 3.2A: Arealoversikt Dale- barne og ungdomsskule



Figur 3.2B: Kapasitetsvurdering elevar og klassar, Dale barne- og ungdomsskule

3.3 Eksingedalen skule

Skuletype:	Fådelte kombinertskule	1.-10. trinn
Brutto bygningsareal		750 m ²
Tomteareal		
Elevkapasitet		30



Nøkkeltal for skuleåret 2014/15	
Elevtal	11
Tal på barn i SFO	-
Pedagogisk personale	3
Andre tilsette*	2

*Andre tilsette er her leiing, merkantil og assistentar i skulen.

Eksingedalen skule ligg på Bergo, Eidslandet. Skulebygget blei oppført i 1972, og skulen fekk eit påbygg i 1991. Skulen tek imot elvar på 1. til 10. årssteg, frå Flatekvål i sør og vidare nord-austover mot Gullbrå. Skuleåret 2015/16 er det 11 elevar på skulen. Inneverande skuleår er det ikkje elevar på 3., 6. og 8. trinn.

Skulen har i alt 3 klasserom. Av spesialisert læringsareal har skulen ein gymnastikksal og eit skulekjøkken. Andre fellesareal er biblioteket og peisetova ved hovudinngangen. Biblioteket, skulekjøkkenet og peisetova kan og nyttast som grupperom ved behov.

Skulen disponerer i tillegg areala der det tidlegare var barnehage. Her er det eit samlingsrom med kjøkken, to grupperom og garderobe med toalett. Samlingsrommet kan nyttast som klasserom dersom skulen skulle få behov for det..

Elevane har garderobar utanfor klasserommet i nybygget. Her er det også eit elevtoalett. Elevane har og tilgang på toalettanlegg med inngang frå uteområdet.

Uteområdet

Skolens uteområde består i hovudsak av asfaltert skoleplass framfor skulebygget, ein liten leikeplass på nedsida av skulebygget, og ein ballplass på andre sida av riksvegen. I tillegg har skulen lett tilgang til store naturområder i nærområdet.

I 2013 blei det utført undersøkingar, vurderingar i høve til tiltak for skredsikring i bakkant av Eksingedalen skule (Multiconsult 2013). Her vart det rekna som «*sannsynlig at det i fremtiden vil forekomme både steinsprang og nye sørpeskred i terrenget i bakkant av Eksingedalen skule*».

I rapporten vert det konkludert med ei tilråding om at det etablerast sikringstiltak i terrenget bak skulen.

Sambruk

Skulebygget er reist i samarbeid med bygdelaget, og skulen er i bruk av lokale lag og foreiningar på ettermiddags- og kveldstid.

Elevkapasitet

Skulen har i dag tre klasserom. Med delingstal 2,5m² pr. elev, gjev dette ein kapasitet på omkring 45 elevar. Ein så pass stor auke i elevtalet ville føre til auka behov for delingstimar i grupperom, og eit auka behov for spesialisert læringsareal. Den reelle elevkapasiteten ligg difor i praksis noko lågare.

Funksjonell kapasitet for skulen ligg rundt 40 elevar, fordelt på 3 til 4 klassar.

Teknisk tilstand

Teknisk gjennomgang av skuleanlegget våren 2015 (Norconsult) avdekka eit vedlikehaldsetterslep med ei samla kostnadsramme på omkring kr. 11 mill. (inkl. mva) fram til år 2040.

Samla tiltak som må gjerast innan 10 år utgjer samla omkring kr. 8 mill. (inkl. mva).

Oppsummering


Skulebygget framstår i rimeleg bra stand. Læringsareala er prega av noko slitasje og elde. Samla disponibelt læringsareal og støtteareal dekkjer meir enn dagens behov. Så lenge barnehagedelen ikkje er i bruk, vil skulen har areal nok til å kunne ta imot opp mot 30 elevar.

Elevtalet dei siste åra har vore for lavt til at vidare drift ved skulen kan forsvarast. Dårleg stand på skulevegen og lang reisetid til næraste alternative skule (Stamnes) har vore eit hovudargument for vidareføring av skuledrifta.

Det bør vurderast om skulegrensa nedst i Eksingedalen kan flyttast slik at elevar busett i området Vettlejord – Høvik kan få Eksingedalen skule som heimeskule. Ei auke i elevtalet ved Eksingedalen skule vil verke positivt på miljøet, både pedagogisk og sosialt.

Eksingedalen skule		
	Areal	Tal rom
Samla bruttoareal	-	
Netto generelt læringsareal	229 m ²	
Klasserom	112 m ²	3 rom
Grupperom	29 m ²	2 rom
Garderobar og toalett	88 m ²	14 rom
SFO	-	-
Andre generelle areal (Fellesareal, baseareal, allrom etc.)	-	-
Netto spesialisert læringsareal	58 m ²	
Mat og helse	29 m ²	1 rom
Musikk	-	-
Naturfag	-	-
Kunst og handverk	-	-
Bibliotek	29 m ²	1 rom
Andre spesialareal	-	-
Nettoareal personalavdeling	54 m ²	
Lærerarb.pl.	13 m ²	
Kontor	22 m ²	
Forkontor	-	
Møterom	-	
Personalrom	15 m ²	
Personalgarderobar/WC	4 m ²	
Kopi og arkiv	-	
Anna personalareal	-	

Tabell 3.3A: Arealoversikt Eksingedalen skule



Figur 3.3B: Kapasitetsvurdering elevar og klassar, Eksingedalen skule

3.4 Stamnes skule

Skuletype:	Fådelt barneskule	1.-7. trinn
Brutto bygningsareal		1080 m ²
Tomteareal		11 999m ²
Elevkapasitet		50 - 55

Nøkkeltal for skuleåret 2014/15	
Elevtal	38
Tal på barn i SFO	18
Pedagogisk personale	5
Andre tilsette*	5

*Andre tilsette er her leiing, merkantil og assistentar i skulen.



Stamnes skule består av eit samanhengande bygg. Skulebygget blei oppført i 1974, og fekk eit tilbygg over 2 plan i 2004. Skulen hadde i utgangspunktet ei open planløsning, men er i ettertid blitt noko meir oppdelt.

Skulen har i dag 41 elevar, og desse er fordelt på 3 grupper/klassar.

Generelle læringsareal

Det største klasseromarealet ligg i tilknytning til samlingsrommet midt i skulebygget. To baseområde ligg her med open løysning mot fellesarealet. Oppgitt areal for desse to klasseromareala er 55m² og 75m²(målt på teikning). I tillegg disponerer skulen eit klasserom på 43m² og eit delingsrom på omkring 30m². SFO-basen ligg i tilknytning til fellesarealet, og nyttast noko som grupperom i undervisningstida.

Fellesarealet ligg midt i skulebygget . Har kan skulen mellom anna ha samlingar for alle elevane eller for fleire trinn samla. Skulebiblioteket ligg også i fellesarealet.

Elevane har desentraliserte inngangar like ved klasseromareala dei nyttar. I garderobane er det også elevtoalett. Toaletta er lett tilgjengelege både frå undervisningsareala og frå uteområdet.

Spesialisert læringsareal

Skulen har ein integrert gymsal midt i skulebygget. Golvarealet er 82m². Garderobar og tilhøyrande dusjanlegg ligg i underetasjen. Elevane har tilkomst til garderobane via vindeltrapp ved gymsalen.

Skulekjøkkenet har 2 elevstasjonar samt ein lærarstasjon. Utstyr og materiell oppbevarast i skap i rommet. Skulekjøkkenet har eit oppgitt areal på 84m². Arealet kan og nyttast som delingsrom eller klasserom.

Areal for kunst og handverk ligg vegg i vegg med skulekjøkkenet. Rommet nyttast i dag også som grupperom/delingsrom.

Skulen har ikkje eige areal for musikk og naturfag, men scenen i fellesarealet nyttast gjerne i undervisninga. Her er det og samla ein del utstyr og materiell som nyttast i undervisninga.

Areal for tilsette

Det pedagogiske personalet har arbeidsplassar i 2. etasje i tilbygget. Her er det også eit lite møterom. Personalrommet ligg i etasjen under. Vegg i vegg ligg eit kopi- og rekvisita-rom, personalgarderobar med wc, og rektor sitt kontor.

Uteområdet

Uteområdet er pent og variert opparbeidd. Skuletomta har eit oppgitt samla areal på 11 999m², men Eidslandsvegen passerar forbi skulebygget og delar tomta i to. Tilgjengeleg uteareal for elevane er omkring 8000m².

Uteområdet er opparbeidd i ulike sonar. På framsida av skulebygget ligg ei ballbinge og eit leikeområde med ulike leikeapparat. På langsida mot Eidslandsvegen er det asfaltert skuleplass og grasplen. På sørsida er det ei ballplass med grusdekkje. Her er det også montert benkar som kan nyttast i uteundervisning.

På baksida av skulebygget går det ein veg som går inn til ein nabotomt. Denne vegen kyssar skuleplassen på framsida. Det er ikkje bom eller anna sperring/sikring der denne vegen møter Eidslandsvegen.

Sambruk

Skuleanlegget er i bruk av lokale lag og foreiningar på ettermiddags- og kveldstid. Det er i særleg grad gymsal og fellesarealet som vert nytta.

Vurdering av elevkapasitet

Skulen har 3 klasserom, men skulen har og moglegheit til å omdisponere noko av det spesialiserte læringsarealet til klasserom. To av klasseromma har open løysning mot kvarandre og mot fellesarealet. Samla klasseromareal er 173m².

Basert på krav til areal pr. elev i klasseromma (2,5m² pr. elev, Forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skule) har skulen kapasitet til omkring 60 elevar samla i desse klasseromma. Med eit elevtal rundt 60 ville skulen fått utfordringar i høve til grupperom og delingsrom. Den reelle elevkapasiteten for funksjonell drift ligg difor truleg nærare 50.

Teknisk vurdering av skulebygget

Teknisk gjennomgang av skuleanlegget våren 2015 (Norconsult) avdekka eit vedlikehaldsetterslep med ei samla kostnadsramme på omkring kr. 13 mill. (inkl. mva) fram til år 2040.

Samla tiltak som må gjerast innan 10 år utgjer samla omkring kr. 9 mill. (inkl. mva).


Oppsummering

Stamnes skule har eit godt fungerande skuleanlegg. Uteområdet er fint opparbeidd og gjev moglegheit for varierte aktivitetar, både på fritid og i undervisning. Skulen får dekkja dei fleste behova for ulike areal, og pr. i dag har skulen god plass til fleire elevar.

Utan auke i elevtalet utover i planperioden er elevtalet noko knapt i høve til å skape eit fullgodt pedagogisk og sosialt miljø. På ein annan side kan dårleg skuleveg til Dale tale for vidare drift ved Stamnes skule.

Stamnes skule		
	Areal	Antall rom
Samla bruttoareal	-	
Netto generelt læringsareal	395 m2	
Klasserom	173 m2	3 rom
Grupperom	30 m2	1 rom
Garderober og toalett	66 m2	8 rom
SFO	36 m2	1 rom
Andre generelle arealer (Fellesareal, baseareal, allrom etc.)	90 m2	1 rom
Netto spesialisert læringsareal	142 m2	
Mat og helse	84 m2	1 rom
Musikk	-	-
Naturfag	-	-
Kunst og håndverk	45 m2	1 rom
Bibliotek	-	-
Andre spesialareal	13 m2	1 rom
Nettoareal personalavdeling	97 m2	
Lærerearb.pl.	25 m2	
Kontor	14 m2	
Forkontor	-	
Møterom	10 m2	
Personalrom	35 m2	
Personalgarderober/WC	13 m2	
Kopi og arkiv	-	
Annet personalareal	-	

Tabell 3.4A: Arealoversikt Stamnes skule



Figur 3.4B: Kapasitetsvurdering elever og klassar, Stamnes skule

3.5 Stanghelle skule

Skuletype:	Fådelte barneskule	1.-7. trinn
Brutto bygningsareal		2568 m ²
Tomteareal		36390m ²
Elevkapasitet		120-130

Nøkkeltal for skuleåret 2014/15	
Elevtal	70
Tal på barn i SFO	32
Pedagogisk personale	8
Andre tilsette*	5

*Andre tilsette er her leing, merkantil og assistentar i skulen.



Stanghelle skule blei oppført i 1975, og fekk eit påbygg i 1994. Skulebygget består av tre hovuddelar. Hovudbygget (A) med tilbygg, Samfunnsdelen (B) og idrettsbygget (C). Skulen disponerer areal i alle bygga. Skulen har i dag 70 elevar, og desse er fordelt på 4 grupper/klassar.

Generelle læringsareal

Skulen har til saman 7 klasserom og 3 grupperom. Grupperomma og 5 klasserom ligg i hovudbygget. Dei to siste klasseromma ligg i andre etasje i samfunnsdelen. Klasseromma varierer i størrelse frå 41-53m².

Elevane nyttar desentraliserte garderober og toalett, med direkte tilgang til uteområdet. Alle klassane i hovudbygget har eigne garderober. I samfunnsdelen har elevane felles garderobe.

Midt i skulebygget ligg eit fellesareal/allrom som alle klassane i hovudbygget har lett tilgang til. Delar av arealet er omgjort til to grupperom, og elevar frå fleire av klassane har tilgang til allrommet gjennom desse grupperomma. I fellesarealet er det eit par gruppebord, tilgang til stasjonære pcar og skap for oppbevaring av undervisningsmateriell og utstyr. Frå fellesarealet går det ei trapp opp til ein hems.

SFO har base på skulekjøkenet. Her er det også direkte tilgang til eit grupperom som opprinneleg har vore nytta til undervisning i kunst og handverk. Det er i dag 30 barn som nyttar SFO-tilbodet.

Spesialisert læringsareal

Areal for mat og helse (skulekjøken) ligg i hovudbygget. Om ein ser bort frå gymsalen, er skulekjøkenet er det største undervisningsrommet skulen disponerer (81m²). Det er tre kjøkenstasjonar montert langs den eine veggen. På golvet er det satt opp tre gruppebord som nyttast til måltid og gruppearbeid. Bak i rommet er det laget til ein sofa-krok. Rommet er delt av med ei skaprekke slik at sofakroken kan opplevast som eit eige «rom i rommet».

Skulekjøkenet nyttast og som undervisningsareal i kunst og handverk. SFO nyttar rommet som base.

Areal for kunst og handverk. Skulen har i dag avgrensa tilgang til spesialisert læringsareal for kunst og handverk. Tidlegare tradisjonell «sløydsal» er omdisponert og delt opp i to rom. Det eine nyttast av SFO, medan det andre fungerer som grupperom.

Noko undervisning i faget er i dag lagt til skulekjøkenet.

Undervisning i kroppsøving er lagt til idrettsarealet i samfunnsdelen (bygg C). Her har skulen og moglegheit til å samle heile skulen til ulike fellessamlingar.

Skulen har ikkje eige skulebibliotek, men folkebiblioteket i samfunnsdelen (bygg B) nyttast og av elevane.

Skulen har ikkje spesialisert læringsareal for undervisning i musikk og naturfag.

Uteområdet

Oppgitt tomteareal for skulen er 36 390m² (kjelde: norgeskart.no). Av dette arealet er omkring 7500m² opparbeidd som tilgjengeleg uteareal for elevane. Delar av resterande tomteareal er bratt skrånande fjellterreng. På nedsida av parkeringsplassen ligg eit område som kan truleg gjerast tilgjengeleg dersom skulen får behov for det.

Areal for tilsette

Det pedagogiske personalet har arbeidsplassar i 2. etasje i tilbygget. Her er det lagt til rette for 10 arbeidsplassar. Persnaltoalett, garderober og pauserom ligg i etasjen under. Rektor sitt kontor ligg også i tilknytning til personalarealet.

Sambruk

Lokale lag og foreiningar nyttar ulike rom i skulebygget på ettermiddags- og kveldstid. Aktivitetane går for det meste føre seg i «samfunnsdelen» der det mellom anna er lokale for ungdomsklubb og gymsal.

Vurdering av elevkapasitet

Skulen har til saman 7 klasserom og desse varierer i størrelse frå 41-53m². Samla klasseromareal er 341m². Om ein legg til grunn at skulen har kapasitet til full klassesdeling på 1.-7. årstrinn, vil det samla vere plass til 134 elevar ved skulen. Delingstal 2,5m² vert her lagt til grunn ettersom klassane vil ha relativt lite støtteareal (grupperom, fellesareal m.m.) tilgjengeleg når alle klasseromma er i bruk.

Dei fysiske løysningane ved Stanghelle skule gjer det naturleg å ta utgangspunkt i at skulen har kapasitet til ein klasse pr. årssteg. Dette vil gje skulen 7 klassar i eit normalår. Det minste klasserommet vil ha ein kapasitet opp til 16 elevar, medan dei to største vil ha kapasitet til om lag 21 elevar.

Talet på elevar varierer på dei ulike årstrinna. Skulen har moglegheit til å fordele årstrinna slik at dei største trinna får dei største klasseromma. Likevel vil det alltid vere slik at nokon av klasseromma ikkje blir heilt fylt opp.

Funksjonell elevkapasitet vil difor liggje omkring 120-130 elevar.

Teknisk tilstand

Teknisk gjennomgang av skuleanlegget våren 2015 (Norconsult) avdekkja eit vedlikehaldsetterslep med ei samla kostnadsramme på omkring kr. 23,2 mill. (inkl. mva) fram til år 2040.

Samla tiltak som må gjerast innan 10 år utgjer samla omkring kr. 20,5 mill. (inkl. mva).


Oppsummering

Stanghelle skule ligg fint til aust på Stanghelle ved Brekkjen. Skulebygget og samfunnsdelen gjev skulen samla sett gode undervisningsareal. Med dagens elevtal har skulen mykje ledig kapasitet, men har likevel pr. i dag få moglegheiter til å samle større elevgrupper for felles undervisning. Ved å omdisponere bibliotekareal eller SFO-areal/skulekjøkken, kan det vere mogleg å få tilgang på eit noko større klasserom.

Skulen disponerer i hovudsak eit godt fungerande skuleanlegg. Utområdet er fint opparbeidd og gjev moglegheit for varierte aktivitetar, både på fritid og i undervisning.

Stanghelle skule		
	Areal	Antall rom
Samla bruttoareal	-	
Netto generelt læringsareal	541 m ²	
Klasserom	341 m ²	7 rom
Grupperom	49 m ²	3 rom
Garderober og toalett	115 m ²	20 rom
SFO	-	-
Andre generelle arealer (Fellesareal, baseareal, allrom etc.)	36 m ²	1 rom
Netto spesialisert læringsareal	166 m ²	
Mat og helse	81 m ²	1 rom
Musikk	-	-
Naturfag	-	-
Kunst og håndverk	25 m ²	1 rom
Bibliotek	60 m ²	1 rom
Andre spesialareal	-	-
Nettoareal personalavdeling	114 m ²	
Lærerearb.pl.	42 m ²	
Kontor	33 m ²	
Forkontor	-	
Møterom	-	
Personalrom	39 m ²	
Personalgarderober/WC	-	
Kopi og arkiv	-	
Annet personalareal	-	

Tabell 3.5A: Arealoversikt Stamnes skule



Figur 3.5B: Kapasitetsvurdering elevar og klassar, Stanghelle skule

3.6 Vaksdal skule

Skuletype:	Barneskule	1.-7. trinn
Brutto bygningsareal		2314 m ²
Tomteareal		5 891 m ²
Elevkapasitet		150

Nøkkeltal for skuleåret 2014/15	
Elevtal	124
Tal på barn i SFO	60
Årsverk pedagogisk personale	12
Årsverk andre tilsette*	12

*Årsverk andre tilsette er leiing, merkantil og assistentar i skulen.



Vaksdal skule ligg på ein høgde i den sørlige delen av Vaksdal sentrum. Skulen har elevar på 1. – 7. årssteg og har inneverande skuleår sju klassar. 6. og 7. årssteg har eit elevtal som gjer det naturleg å organisere dei i ein aldersblanda klasse, medan det på 3. trinn er 29 elevar som er organisert i to klassar.

Skulen disponerer to bygg. Eit hovudbygg med klasserom, spesialiserte læringsareal, SFO-base, personalavdeling og administrasjon, - og ei paviljong (tidlegare forretningsbygg) med klasserom, SFO, personalareal og fritidsklubb. Paviljongen blei oppført i 1974 som butikklokale og bygga om til skule/skulefritidsordning i 1997. Hovudbygget er frå 1963.

Generelle læringsareal

Skulen har til saman 7 klasserom og 6 grupperom. Av desse ligg to klasserom og to grupperom i paviljongen. Fleire av grupperomma nyttast i hovudsak til spesialundervisning. Klasseromma i hovudbygget er på omkring 55m², medan dei to i paviljongen er rundt 100m² og 66m².

I hovudbygget har elevane garderoar i gangareala utanfor klasseromma. Elevtoaletta er samla i første etasje, med inngang frå uteområdet. I paviljongen har elevane garderoar ved inngangspartiet. Elevane her nyttar toalettanlegg inne i bygget.

SFO har base i hovudbygget, men nyttar og areal i paviljongen.

Spesialiserte læringsareal

Spesialiserte læringsareal for kunst og handverk og musikkrom er samla i underetasjen i hovudbygget. Skulebiblioteket ligg også i denne etasjen. Areal for mat og helse (skulekjøkkenet) ligg i første etasje.

Skulen har ikkje eigne areal for kroppsøving. Undervisninga i faget er lagt til Samfunnssalen i Vaksdal.

Areal for tilsette

Det pedagogiske personalet har arbeidsplassane sine fordelt på 4 arbeidsrom. Eit av desse ligg i paviljongen. Det er også pauserom og garderoar for tilsette i begge bygga.

Uteområdet

Oppgitt tomteareal er 5891m². Tilgjengelig uteareal for leik og aktivitetar for elevane er om lag 3800m². Arealet er opparbeid med ulike leikeapparat, sandkasse og ballbinge. Det meste av uteområdet er asfaltert skulegard, og størstedel av arealet ligg mellom dei to skulebygga. Tilgjengeleg uteareal for leik og aktivitetar er vesentleg mindre enn anbefalinga til helsedirektoratet (J.f.. Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler, Helsedirektoratet 2014).

Sambruk

I paviljongen er det eit avgrensa område som i hovudsak nyttast av ungdomsklubben. Skulen har tilgang til lokala ved behov, til dømes ved fellessamlingar.

Teknisk tilstand

Teknisk gjennomgang av skuleanlegget våren 2015 (Norconsult) avdekka eit stort vedlikehaldsetterslep i skuleanlegget. Anslag for samla kostnad for vedlikehaldsetterslepet er kr. 49 mill. (inkl. mva) fram til år 2040. Av dette utgjer tiltak på hovudbygget omkring kr. 34,5 mill, medan tiltak på paviljongen utgjer kr. 14,5 mill.

Samla tiltak som må gjerast innan 10 år utgjer samla omkring kr. 28 mill. (inkl. mva).

Vurdering av elevkapasitet

Skolen har til saman 7 klasserom, og desse varierer i størrelse frå 55 til 100m². Samla klasseromareal er 444m². Dei fleste klasseromma er under 60m² (5 av 7), og dette gjer at kapasiteten i klassane vil liggje noko under delingstalet på 28 elevar.

Dei fysiske løysningane ved Vaksdal skule gjer det naturleg å ta utgangspunkt i at skulen har kapasitet til ein klasse pr. årssteg. Dette vil gje skulen 7 klassar i eit normalår. Dei minste klasseromma vil ha ein kapasitet på opp til 22 elevar, dei to største vil ha kapasitet til om lag 28 elevar.

Funksjonell elevkapasitet vert då omkring 140-150 elevar.

Oppsummering


Teknisk gjennomgang av Vaksdal skule har avdekkja eit stort vedlikehaldsetterslep. Delt drift over to skulebygg vil ofte vere til hinder for samarbeid, både mellom tilsette og mellom elevar (klassar). Delt drift kan og vere til hinder for god utnytting av dei ulike areala og utstyr som skulen rår over.

Skulen har 7 klasserom og 6 grupperom. Dette er samla sett godt tilpassa skulens behov i dag og for framtida.

Skulen har ikkje eigne spesialiserte areal for undervisning i kroppsøving. Tilbodet vert gitt i samfunnssalen som ligg omkring 250m frå skulebygget. Det at elevane må gå frå skulen og må kysse trafikkert veg, gjer at ordninga ikkje kan reknast som optimal for skulen.

Vaksdal skule		
	Areal	Antall rom
Samla bruttoareal	-	
Netto generelt læringsareal	691 m2	
Klasserom	444 m2	7 rom
Grupperom	106 m2	6 rom
Garderober og toalett	86 m2	6 rom
SFO	55 m2	2 rom
Andre generelle arealer (Fellesareal, baseareal, allrom etc.)	-	-
Netto spesialisert læringsareal	242 m2	
Mat og helse	40 m2	1 rom
Musikk	62 m2	1 rom
Naturfag	-	-
Kunst og håndverk	104 m2	5 rom
Bibliotek	36 m2	1 rom
Andre spesialareal	-	-
Nettoareal personalavdeling	189 m2	
Lærerearb.pl.	73 m2	
Kontor	31 m2	
Forkontor	-	
Møterom	18 m2	
Personalrom	46 m2	
Personalgarderober/WC	11 m2	
Kopi og arkiv	7 m2	
Annet personalareal	3 m2	

Tabell 3.6A: Arealoversikt Vaksdal skule



Figur 3.5B: Kapasitetsvurdering elever og klassar, Vaksdal skule

4 Sentrale moment i vurderinga av lokal skulestruktur

Val av skulestruktur er ei lokalpolitisk avgjerd og Vaksdal kommune står fritt til å velje korleis den kommunale grunnskuletenesta skal innrettast og organiserast. Kommunestyret har vedteke at denne planen skal konsekvensvurdere fire skulestrukturalternativ for korleis dei kommunale grunnskulen kan utviklast.

Det er difor sentralt at handsaminga og prosessen rundt eit vedtak om ny skulestruktur – vert tufta på heilskapelege og langsiktige vurderingar av fordelar og ulemper med ulike alternativ og løysingar.

Dette kapittelet prøver å kategorisere dei mest sentrale momenta/faktorane som bør vere styrande i det offentlege ordsiftet om lokal skulestruktur, slik at avgjerdstakarar enklare kan sortere og prioritere fordelane og ulempene.

Kva for moment og faktorar som skal vere dei mest styrande – og som skal ha mest å seie for eit eventuelt val av skulestruktur – vert til sist ei samla politisk vurdering av momenta og faktorane. Difor tek dette kapittelet mål av seg å synleggjere og skildre nokre av dei fokusområda som er sentrale i val av skulelokaliseringar og skulestorleikar.

Det er vektlagt fem hovudfokus som bør drøftast og vurderast lokalt:

1. Plan-, behovs- og kapasitetsfokus:

Vaksdal kommune er ein tenesteprodusent som skal gje kvalitative grunnskuletenester til sine innbyggjarar. All kommunal tenesteproduksjon skal setja brukaren i fokus og vere tilpassa brukarane sine behov. Det er behova som utløyser kommunale grunnskuletenester. Behova endrar seg og kommunen må til eikvar tid syte for grunnskuletenester som er dimensjonert etter behova.

Denne planen gjev kapasitetsvurderingar av behova innafor dagens skulekrinsar og vurderer elevtalsutviklinga med kommunestyret sine framlegg til endring og samanslåing av einssilde skulekrinsar.

Å fylle opp allereie bygd og eksisterande skulekapasitet, er eitt av dei viktigaste føremåla med ein lokal skulebruksplan.

Lokal skulestruktur må også samsvare med dei langsiktige føringane i Kommuneplanen, både med tanke på bustadbygging, senterstruktur, grendeutvikling, konsekvensutredningar og infrastrukturløysingar.

Kva vil utbetringane i vegnettet og lokal infrastruktur ha å seie for lokaliseringsval i framtida? Kor kjem veksten – kor kjem eveltalsnedgangen? Er det samsvar mellom lokaliseringsval og skulekapasitet. Kva gjer kommunen med skular med mykje ledig kapasitet?

Kor viktig er skule for tilflytting og grunnlag for busetjing i Vaksdal? Kva seier Kommuneplanen? Er dagens lokaliseringar i samsvar med behova?

2. **Organisatorisk og pedagogisk fokus:**

Korleis sikre ein skulestruktur som gjev gode og føremålstenlege fag- og elevmiljø. Kor stor og kor liten bør ein skule i Vaksdal vere. Bør kommunen søkje løysingar som i størst mogleg grad gjev fulldelte barneskular? Har skulestorleik noko å seie for utviklinga av fag- og elevmiljøa? Sårbarheit?

Kan oppvekstsentermodell med førskuleborn og skule vere ei betre langsiktig organisering ved nokre skular?

Korleis kan kommunen gjennom strukturval sikre løysingar som møter auka krav til fagspesialisering og utvikling av kompetanse?

Korleis kan nye fysiske læringsmiljø gje betre føresetnadar for læring og pedagogisk utvikling?

3. **Økonomisk fokus:**

Korleis sikre ein skulestruktur som er kostnadseffektiv og som samsvarar med den økonomiske røynda i kommunen. Det er ein klår samanheng mellom talet på skular, storleiken på skulane, tal klassar – og storleiken på kommunen sine kostnader. Mange skular i små nærmiljø gjev nærleik av kommunale tenester, men eitt slikt tenestenivå er kostbart.

Denne planen syner dette i dei økonomiske analysane seinare i planen.

Kostnadseffektiv drift inneber å fylle opp eksisterande skular med fleire elevar i små klassar.

4. **Bygningsmessig fokus:**

Ein skulestruktur bør søkje løysingar som sikrar likeverdige fysiske læringsmiljø. Det er difor utarbeidd framlegg til arealnorm for skular i Vaksdal. Likeins vil det vere naturleg å vurdere om skulebygg i dårleg teknisk og bygningsmessig tilstand – og med låg pedagogisk funksjonalitet - bør fasast ut som skuleanlegg.

Denne planen tek også utgangspunkt i dei omfattande tilstandsvurderingane som er utført i forkant av planarbeidet. Konklusjonane frå desse vurderingane er vidareført i dei investeringsmessige behova for kvart alternativ seinare i planen.

5. **Nærmiljø- og folkehelsefokus:**

Skulane er sentrale samlingsstader som sikrar nærleik og identitet i sine grender.

Kva for ulemper vil det ha å seie for desse grendene å miste nærskulen? Er det ei kopling mellom nærskule – bustadbygging og tilflytting? Vil ei eventuell avvikling av grendeskulane resultere i «forgubbing» og at bygdene mister sin attraktivitet for barnefamiljar og tilflyttarar? Er

nærskulen viktigare for innbygarane på Stamnes som har lang veg og delvis dårleg veg til kommunesenteret?

Vert skulereisa for einskilde elevar skulekrins for lang? Eksingedalen skule er etablert fordi avstandane til næraste skule er for lang og tidvis farleg. Kan Eksingedalen skule få fleire elevar frå gardane lenger nedover i dalen?

Kva konsekvensar har lange skulereiser på elevane si folkehelse? Kva er lang skulereise?

4.1 Plan-, behovs- og kapasitetsfokus:

Lokal skulestruktur handlar om korleis kommunen kan organisere sine grunnskuletenester på en mest mogleg effektiv og kvalitativ måte – til det beste for elevar og tilsette.

Søkje løysingar som fyller opp ledig skulekapasitet

Eitt av hovudføremåla med skulebruksplanar er å syte for at kommunen har ein skulekapasitet som er dimensjonert for dei framtidige behova. Stor elevtalsvekst kan resultere i kapasitetsutbygging, medan elevtalsnedgang resulterer i mykje ledig skulekapasitet og skuleanlegg som ikkje vert fullt utnytta. Sjølv ved elevtalsnedgang må kommunen planlegge for redusert behov for skulekapasitet. Skulekapasitet på feil stad er kostbart og lite føremålstenleg.

Kommuneplanens arealdel – kor vil elevane bu i framtida

Saman med areal- og kapasitetsberekningane utgjør elevtalsframskrivingane dei viktigaste faktorane som skildrar kommunen sine behov for skulekapasitet i grunnskulen. Elevtalsframskrivinga syner stabil elevtalsutvikling med potensiale for elevtalsvekst på lang sikt. Det er særleg dei inder skulekrinsane Vaksdal som i dei siste åra har hatt ein mindre elevtalsvekst.

Tilpassa langsiktige utviklingslinjer i areal, bustad, arbeidsmarknad og transportutviklinga

Skulestrukturen må tilpassast dei langsiktige «linene» i kommuneplanen. Næringsetablering, bustadbygging, infrastruktur, kommunesenter, offentlige tenester, mv er viktige føresetnader og desse planprinsippa må særleg vektleggjast ved val av skulestad, lokalisering og dimensjonering av dei kommunale grunnskuletenestene.

Brorparten av elevane vil bu i tettstadene langs europavegen. Det er god veg mellom Stanghelle og Dale.

I kommunestyret sitt vedtak om alternativ, inkluderer alle alternativ kommunesenteret Dale som skule- og lokaliseringsstad.

4.2 Pedagogiske og organisatoriske fokus

4.2.1 Skulestorleik – kan ein skule vere for liten og for stor?

Kvar strukturløysning vil gje den beste grunnlaget for skulen som kunnskapsformidlar og lærande organisasjon, og kva vil vere den beste pedagogiske og organisatoriske løysningen for grunnskulen i Vaksdal kommune på lang sikt?

Elevtalet på kommunenivå har lege stabilt rundt 480 dei siste 5 åra.

Det ligg pr. i dag ikkje føre forskning som direkte av påvise at kvaliteten i læringa er betre eller dårlegare i små kontra store skular. Vurderinga av skulestørrelse, og kva som er «stort» og «lite», varierer sterkt frå land til land og frå region til region. Den offisielle statistikken over opplysningar om grunnskulen i Noreg (GSI) gjev ein peikepinn kva som vurderast som stort eller lite her til lands. Oversikten under viser samansetning av ulike skulestørrelsar, landet sett under eitt i skuleåret 2014/15:

Elevtall	Antall elever	% av elevene	Antall skoler	% av skolene
0 - 14	763	0,12 %	93	3,22 %
15 - 99	42 906	6,93 %	793	27,48 %
100 - 299	224 107	36,21 %	1 155	40,02 %
300 - 449	213 284	34,46 %	589	20,41 %
450 - 599	105 871	17,10 %	209	7,24 %
600 - 749	23 436	3,79 %	36	1,25 %
750 - 899	8 588	1,39 %	11	0,38 %
Sum	618 955	100,00 %	2 886	100,00 %

Skulestorleik				
over 450	137 895	22,28 %	256	8,87 %
Under 10 elever	318	0,05 %	55	1,91 %
Under 5 elever	34	0,01 %	13	0,45 %

60 prosent av elevane i Noreg går på skular med 100 – 450 elevar. 40 prosent av skulane har eit elevtal mellom 100-300 elevar og dette er den vanlegaste skulestorleiken.

Skular med 15-99 elevar utgjør 27,5 prosent av skulane i Noreg. Nær 7 prosent av elevane i Noreg går på skular som har storleik med 15-99 elevar.

Den nasjonale debatten om betydinga av skulestørrelse for kvaliteten i skulen blussar opp frå tid til annan, også i forskingsmiljøa. Thomas Nordahl (Høgskolen i Hedmark) presenterte i ein kartleggingsundersøking frå 2007 - resultatata om elevar i og frå små og store skular frå ein kommune:

Samandraget frå kartleggingsundersøkinga er attgjeve i si heilheit:

"Sammendrag: Denne rapporten bygger på en kartleggingsundersøkelse blant 9600 elever i grunnskolen. Her har vi analysert elever fra fire små bygdeskoler i en kommune og senere identifisert elever fra disse små skolene når de går på en større ungdomsskole der de kommer sammen med andre elever fra større barneskoler. I dataanalysene har vi sett på elevenes skolefaglige prestasjoner, sosiale ferdigheter, atferdsproblemer, relasjoner til medelever, relasjoner til lærere, arbeidsinnsats og opplevelse av undervisningen. Resultatene viser at elever fra de små skolene skårer systematisk dårligere enn de øvrige elevene."

Større skular, og større elev- og fagmiljø kan ha fordeler innan:

- ❖ Auka robustheit, mindre sårbar og meir fleksibel.
- ❖ Felles og betre kompetanseutvikling

❖ Utvikle pedagogisk fagkompetanse

«Gangs menneskje» i alle skulestorleikar – læraren er truleg viktigaste faktor for kvaliteten

Det forskinga syner er at «den gode læraren» er sentral for læringskvaliteten. Kompetansen og kvaliteten på lærarane er avgjerande for læringsmiljøet til den einskilde skule – uavhengig av skulestorleik.

Siv Stavem (Høyskolen i Nesna, Nordland – tilsvar i Rana Blad 2005)

«Når det gjelder det faglige tilbudet ved små skoler, er det lite entydige resultater å vise til. De små skolene synes ikke å ha dårligere læringsresultater, men heller ikke bedre læringsresultater enn de store skolene. Ulike forskningsresultater viser kun marginale forskjeller mellom store og små skoler, og forskjellene er tidvis til fordel for de store, og tidvis til fordel for de små skolene.

Når det gjelder det sosiale tilbudet er det heller ikke her klare og entydige resultater å vise til. Barnets sosiale utvikling er sammensatt av så mange faktorer at det kan være vanskelig å vurdere hva som er den beste løsningen. Ved små skoler ligger det bedre til rette for variert samspill mellom barn i ulike aldre enn det gjør ved store skoler. Dette kan man se som en fordel fordi det i utgangspunktet bidrar til å fremme sosial læring. På den annen side kan man se det som en ulempe fordi barna faktisk ikke har noe valg, men har samspill med barn i ulike aldre fordi det faktisk ikke finnes noen jevnaldrende i mils omkrets. Jevnaldersosialisering vil derfor i større eller mindre grad falle bort for en del barn ved de minste skolene».

Små skular er viktige i mindre bygder

Forsking frå Nordland (Solstad 2006) samt ein doktorgradsavhandling frå Høgskulen i Volda (Kvalsund 1995) konkluderer med at små skular er viktige sosiale arenaer i mindre bygdesamfunn fordi det er mange lokale aktivitetar knytt til skulen. Små skular i bygdesamfunn har potensialet i seg sjølv til å skape læringsaktivitetar som er godt forankra i lokalbefolkninga, lokal natur og lokalt næringsliv, og der igjennom tilpasse opplæringa på ein god måte.

Kvalsund dokumenterer i sin doktoravhandling frå 1995 rikdommen i mangfaldet av sosialisering ved små skuler, og pekte på fordelar i sosial læring. Til tross for ein generell tilfredsheit ved dei små skulane si evne til å bidra til elevane si sosialisering er det grunn til å vektleggje den sårbarheit som ligg i eit lite miljø. Ein finn einsame barn og vaksne både i tettbygde og i spredtbygde strok, men i tettbygde strok har ein som regel moglegheit for å finne ein erstatning dersom ein skulle kome i ein konfliktsituasjon med sitt etablerte miljø.

Det er grunn til å trekke opp et skilje mellom sosialt og fagleg miljø for både elevar og lærarar. Det er også vesentleg å understreke at ein stor skule ikkje automatisk gjev eit stort fagmiljø. Til dømes vil ein 1-10 skule med mindre enn 2 parallelle klassar på kvart steg ha eit relativt lite fagmiljø på ungdomssteget samanlikna med store ungdomsskular.

Skulehistorikar Alfred Oftedal Telhaug framhevar gjerne problema som oppstår når skulen er i eit lite miljø. I eit intervju med Vårt Land understreka han at dagens barn treng ein skule som kan vise eit allsidig omsorgsansvar, og at dette er mykje lettare å få til i eit større pedagogisk miljø (Sødal, 1996a). Få elevar ved ein skule og stor aldersforskjell mellom dei kan ikkje gje kvarandre tilstrekkelege sosiale utfordringar, og grendeskuleelevane blir difor i mindre grad rusta til å takle uoversiktlige sosiale situasjonar med mange aktørar. Telhaug eksemplifiserer dette ved at ein handfull elevar ikkje kan stable på beina eit fotballag, ein skulerevy eller eit blanda kor. Nye læreplaner still også store krav til fagkunnskap som er vanskelag for ein enkelt lærar å dekkje.

I eit debattinnlegg i Norsk Skoleblad nr. 10/1997 peika Karl Jan Solstad på positive og negative sider ved fådelt skular slik:

«Men, sjølv sagt, dei aller minste skolane med 10-12 elevar eller mindre, er i og for seg ikkje ønskjelege, verken økonomisk, fagleg eller sosialt. Dei har sin legitimitet fordi alternativet er verre, nemleg urimeleg krevjande skyss eller innhysing heimanfrå».

Det finnes ingen forskning eller tilgjengelige nasjonale data som seier noko om samanhengen mellom skulestørrelse og samarbeid skule-heim. Med bakgrunn i forskinga finnast det ikkje belegg for å seie at små bygdeskular gjev noko betre moglegheiter for godt samspel mellom skule og lokalsamfunn og for å integrere lokalsamfunnet i skulens læringsaktivitetar. Den norske forskinga på dette området har i stor grad omhandla skular med mindre enn 50 elevar.

Oppvekstsenter / oppveksttun som løysing for fådelt skular

Eit oppvekstsenter organiserer til vanleg barnehage og skule med felles leiing, kor målet er fellesskap og heilskapleg tenking rundt barnas kompetanse og vilkår.

En av fordelane med eit oppvekstsenter er at ein kan auke og redusere kapasiteten etter behov. Dette har vist seg å vera ein god og lønnsam måte å etablere barnehageplasser på, og samtidig betre bruken av det tilgjengelige skulearealet. Hovudmålet med oppvekstsentermodellen har vore å oppnå organisatoriske og pedagogiske vinning som:

- ❖ *Heilskapleg oppveksttenking*
- ❖ *Pedagogisk nytenking*
- ❖ *Sambruk av lokalar og uteområde*
- ❖ *Felles administrasjon og personale*
- ❖ *Organisasjonsutvikling*
- ❖ *Felles ressursutnytting når det gjeld kompetanse og økonomi*

Forskinga som er gjennomført på dette feltet og erfaringar frå Trondheim tilseier at det ideelle talet på barn i barnehaga er 60 til 80 barn, og der planløysinga er lagt til rette med fleksible areal. Barnehagar med denne storleiken stettar barnas behov og er ein stimulerande arbeidsplass der personalet gjev barna i fokus.

Skular for 1.-4. steg

Dei mest vanlege grunnskuleslaga i Noreg er barneskule (1-7), ungdomsskule (8-10) og kombinertskule (1-10). I tillegg finst det eit mindre tal på skular med berre 1.-4. årstrinn. Skuleåret 2014/15 var 2,4% av grunnskulane i Noreg 1-4-skular (70 skular).

Det kan vere fleire og samansette årsaker til at kommunar vel å etablere eller vidareføre skular for berre dei yngste elevane. Ofte er det slik at skuleeigar ønskjer å sikre at dei yngste elevane skal gå på skule i nærmiljøet. Det kan opplevast som ei trygg løysning for dei yngste elevane, og dei får i tillegg kort skuleveg.

Når fådelt skular som vert redusert til 1-4-skule, vert eit allereie lågt elevtal nesten halvert. Avhengig av samla elevtal vil ein fådelt skule stå igjen med 2-3 klassar, noko som er lite både i fagleg og sosial samheng. Færre lærarar på skulen fører samtidig til redusert fagkompetanse og eit mindre attraktivt arbeidsmiljø for lærarane.

I eit pedagogisk perspektiv er det vanskeleg å finne gode argument for ei slik organisering av fadelte skular. I eit økonomisk perspektiv vil det vere mogleg å effektivisere noko på kommunenivå dersom samanslåing av klassar på 5.-7.trinn samla sett fører til redusert klassetal. På ein annan side må rektorfunksjonar på alle skulane vidareførast. Alle skulebygga med vedlikehald- og FDV-kostnader vert og vidareført. Samla sett gjev er slik omorganisering difor relativt lite innsparing.

Alternativ 2 i denne planen er basert på at elevane på 5.-7. trinn på skulane Stamnes, Stanghelle og Vaksdal vert flytta til Dale barne- og ungdomsskule, medan elevane på 1.-4.trinn får halde fram på dei same skulane.

Vaksdal kommune må vurdere om ei omorganisering av skulane i tråd med alternativ 2 vil gje tenelege størrelsar på skular og klassar.

Fagmiljø, rekruttering og kompetanseutvikling

Store pedagogiske fagmiljø vil ha føremoner innan samarbeid, kompetanseoverføring og rekruttering. Små pedagogiske einingar vil ikkje ha same føresetnader for organisasjonsutvikling, fleksibilitet og samarbeid på tvers. Kravet til fagspesialisering i skulen aukar. Ved små skular må fleire pedagogar kunne litt om mykje. I store pedagogiske miljø vil ein ha betre høve for fagleg fordjuping og oppfølging i alle fag.

4.3 Økonomisk fokus

Det er ein klår samanheng mellom størrelsen på skulane, talet på skular, talet på klassar, elevtalet i klassane – og storleiken på kostnadane. Store skular er rimelegare å drifte enn små skular fordi den samla kostnaden vert fordelt på fleire elevar. Slik er stoda også for Vaksdal kommune.

Skulestorleik er vesentlig fordi lærartettleiken er større på små skular enn på store skular. Det vil seie at sjølv om det er få elevar på eit klassetrinn er det likevel behov for ein lærar på klassetrinnet. Opplæringslovens § 8-2 presiserer at:

«I opplæringa skal elevane delast i klassar eller basisgrupper som skal vareta deira behov for sosialt tilhør. For delar av opplæringa kan elevane delast i andre grupper etter behov. Til vanleg skal organiseringa ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhør. Klassane, basisgruppene og gruppene må ikkje vere større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg.

Klassen eller basisgruppa skal ha ein eller fleire lærarar (kontaktlærarar) som har særleg ansvar for dei praktiske, administrative og sosialpedagogiske gjeremåla som gjeld klassen eller basisgruppa og dei elevane som er der, mellom anna kontakten med heimen.»

I departementets merknad til den «nye» paragrafen heiter det at skulane sjølv, og innafor skuleeigaren sine rammer, har høve til å vedta korleis opplæringa skal organiserast inklusiv om det skal vere faste elevgrupper og storleiken på klassane/gruppene.

Delingstallet er såleis teken ut av opplæringslova. Brorparten av kommunane praktiserer framleis ei ressurstildeling tufta på dei gamle delingstala.

KOSTNADSOVERSIKT Grunnskular	Undervisning	Klassetal	Elevtal	Kostnad pr. elev	Forvaltning, drift, vedlikehald (FDV)	Skys
Stanghelle skule	6 273 795	4	71	88 363	971 609	
Stamnes skule	3 966 220	3	34	116 654	656 868	
Vaksdal skule	8 474 970	7	124	68 347	1 261 658	
Eksingedal skule	2 655 510	2	10	265 551	539 774	
Dale BU (kombinertskule)	19 202 210	10	219	87 681	3 630 094	
Sum barneskular	kr 21 370 495	1 335 656	89 416	kr 89 416	kr 3 429 908	
Dale BU (kombinertskule)	kr 19 202 210	1 920 221	87 681	kr 87 681	kr 3 630 094	
Sum grunnskulesektor	kr 40 572 705	1 560 489	88 587		kr 7 060 002	kr 1 338 610

Tabell 4.3 Kostnadsoversikt grunnskular Vaksdal kommune (2014).

I tabellen over er det gjort eitt uttrekk frå rekneskapan til grunnskuleføremål i 2014. Vaksdal kommune nyttar om lag kr. 40,5 mill. (ekskl. spesialundervisning) til sjølve undervisningsdrifta ved sine grunnskular. Vidare vart det nytta om lag kr. 7,0 mill. til drift og vedlikehald av skuleanlegga i 2014. Dette gjev om lag kr. 500 pr. m² BTA – som er eit lågt FDV nivå.

Skuleskyssen utgjorde ca. kr. 1,34 mill. for alle elevane i 2014. Berre ein elev ved Stanghelle skule vart skyssa i 2014 medan 34 av 39 elevar ved Stamnes skule hadde skys i 2014.

Kostnaden pr. elev følgjer skulestorleiken. Store skular har fleire elevar å fordela kostnaden på, slik at kostnaden pr. elev vert rimelegare her. Det er denne enkle økonomiske samanhengen som gjer at store skular har betre utgangspunkt for å fylle opp klassane og såleis drive ei meir økonomisk effektiv skuleteneste.

Færre elevar – gjev reduserte statlege inntekter

Det er og slik at kommunar med elevtalsnedgang får mindre statlege overføringar / inntekter som følgje av stadig færre elevar. Dersom kostnadane er konstante eller gradvis aukar som følgje av lønsvekst, pensjonar, mv – må kommunen finansiera grunnskuledrifta med andre inntekter. Når kostnadane aukar og inntektene vert redusert – må kommunen kompensera drifta med inntekter frå andre føremål.

Gjesteelevar Mo skule

Vaksdal kommune har inneverande skuleår 2015/16, 19 gjesteelevar på Mo skule. Kommunen betaler over kr. 1,7 mill. (ekskl. spesialpedagogiske tiltak) til dette føremålet. Det er ledig plass til desse elevane ved Eksingedalen og Stamnes skular.

Økonomiske konsekvensar ved etablering av private skuletilbod

Mange privatskular vert etablert i kjømda av kommunale skulestrukturendringar. Private skular reduserer kommunen sitt inntektsgrunnlag fordi deler av dei statlege overføringane vert utbetalt til dei private skulane, samstundes som kommunen opprettheld dei same driftskostnadane i sine grunnskuletenester. Dette gjev ei netto redusert driftsramme for dei kommunale grunnskuletenestene.

Dersom det kjem førespurnad frå lokale private initiativ om å kjøpe eller overta tidlegare skulebygg som kommunen kan ha interesse av å avhende, må Vaksdal kommune vurdere kva for økonomiske og pedagogiske konsekvensar eit slikt eventuelt sal/avhending vil få for det kommunale grunnskuletilbodet.

4.4 Bygningsmessig fokus

Skulebruksplaner er opptekne av kapasitet og læringsmiljø. Gode fysiske læringsmiljø er sentrale faktorar om kommunen skal leggje til rette for å utvikla ein god skole med føremålstenlege areal – både inne og ute.

I dag er det varierende bygningsmessig utforming og kvalitet på skuleanlegga i Vaksdal. Eit viktig moment som må drøftast i samband med eventuelle strukturelle endringar lokalt, er den einskilde skule sin bygningsmessige standard og kvalitet. Kommunen må vurdere om skuleanlegg med dårleg teknisk kvalitet og standard, kombinert med låg pedagogisk funksjonalitet, skal vidareførast som pedagogiske arena i framtida.

Samsvar mellom bygg og pedagogikk

I Læreplanen er det opna for metodefridom for lærarane i arbeidet med å nå kompetansemåla i dei ulike faga. Dette stiller krav til at skulane må leggja til rette for varierte arbeidsmåtar som skal gje elevane erfaringar med praktiske og skapande aktivitetar og oppgåver. Arbeidsmetodane skal bidra til heilskap og samanheng i opplæringa og ha høgt fokus på å nå dei kompetansemåla som er nedfelt i læreplanen. Å tileigna seg kunnskap gjennom øvingar, praksis, eksperiment, opplevingar, individuelt og i grupper utfordrar skulebygget og stiller krav til lærarar som skal ta skulebygget i bruk. Elevane skal få innføring i og erfaring med varierte vitenskaplege, kunsttariske og praktiske arbeidsmåtar. Ser ein dette i lys av ein auka kunnskapsfokusering og fagspesialisering vil kravet til kvaliteten i kva som vert tilbydd elevane vera høg. Dette gjeld både kompetanse hos lærarane og kva for kva utstyr skulen blir tilrettelagt for.

Pedagogisk funksjonalitet

I kva grad eit skuleanlegg her ein god pedagogisk funksjonalitet eller ikkje, heng saman med korleis utforminga av bygget samsvarer med skulen sine behov. I kva grad dei fysiske rammene fremjar eller er til hinder for den pedagogikken skulen ønskjer å drive etter.

Dei mest opplagte kriteria for god pedagogisk funksjonalitet er tilgjenge og avstand mellom sentrale funksjonar i skuleanlegget. Det vil til dømes vere lettare å nytte eit grupperom som er tilgjengeleg i direkte tilknytning til klasserommet enn eit som ligg i ein annan fløy eller i ein annan etasje. Avstand mellom sentrale funksjonar i skuleanlegget vil ha noko å seie for kor mykje tid som går med til å flytte på seg eller på utstyr og materiell. Mykje tråkk i korridorane førar fører ofte til uønskt støy og uro.

Andre tilhøve som vil ha noko å seie for grad av pedagogisk funksjonalitet kan vere i kva grad det er tilgang til spesialiserte læringsareal og tilhøyrande utstyr, om brukarane kan bevege seg mellom ulike læringsareal utan å måtte kle seg om (ta på uteklede, utesko og liknande.), universell utforming, fleksibel innreiing/løysning, om størrelsen på undervisningsareala er tilpassa talet på elevar og om det er tatt omsyn til gode sambruksløysningar for SFO og skule. I tillegg vil og meir tekniske tilhøve som til dømes akustikk, lys og inneklima ha noko å seie for pedagogisk funksjonalitet.

Kva for skuleanlegg bør vidareførast i framtida?

Vaksdal kommune må vurdere kva for bygg som er tenlege for notida og framtida sine pedagogiske krav. Tilstandsrapportane på skulebygga avdekkjer store etterslep på vedlikehaldet. Særleg gjeld dette Dale barne- og ungdomsskule. Denne skulen vert i tillegg til dårleg teknisk tilstands – også vurdert til å ha låg pedagogisk funksjonalitet.

Vedlikehald og vedlikehaldsetterslep – store skippertak gjev ofte kostbare løysingar

I Vaksdal kommune er det særleg Dale barne- og ungdomsskule som skil seg ut med låg teknisk tilstand og med behov for rehabilitering. Vaksdal skule har og trong for bygningsmessige oppgraderingar. Dette er ein bygning som på sikt vil ha trong for innvendige og utvendige utbetringar.

Noko av føremålet med ein skulestrukturplan kan vere å definere kva for kvalitet kommunen ynskjer å tilby innan skulesektoren. Dette kvalitetsomgrepet er i fyrste rekke mynta på pedagogisk funksjonalitet, utforming av læringsareal og arealnorm.

Opplevd kvalitet for elevar og lærarar omfattar også bygningsteknisk tilstand for skuleanlegga og uteområda. Det kan difor vere føremålstenleg å fokusere på skulevedlikehaldet. Generelt er anlegga i Vaksdal av varierende kvalitet – og det er særleg behov for oppgradering av dei to største skulane som har eit vedlikehaldsetterslep.

Vedlikehaldet av skuleanlegga kan innehalde fleire element, men hovudfokuset er gjerne tufta på desse fire stikkorda:


- ❖ Vedlikehaldsbudsjett / m2 BTA
- ❖ Responstid ved hærverk, tagging og skader
- ❖ Bygningsdrift teknisk
- ❖ Bygningsdrift organisatorisk

I dei seinare åra har det vore eit aukande fokus på vedlikehald av skular. Dårleg vedlikehald får negative konsekvensar for elevane sitt læringsutbytte. I Peter Barretts sluttrapport frå HEAD-prosjektet (OECD 2015) syner ein av hovudkonklusjonane at fysisk læringsmiljø kan forklare 16 prosent av variasjonane i elevprestasjonane (<http://dx.doi.org/10.1016/j.buildenv.2015.02.013>). For Vaksdal kommune er det difor sentralt å halde vedlikehaldet på eit nivå som sikrar at skuleanlegga, er mest mogleg optimale for dagens bruk.

Definisjonen av vedlikehald er å oppretthalde den standard bygget eller ein bygningsdel hadde, då den var ny. Ved utskiftingar og erstatningar er naudsynt å gjere desse endringane i tråd med dagens standard.

Vedlikehaldskostnadane for eit bygg varierer over tid. Ulike bygningsdelar har ulik levetid og ulik kostnad. Når levetida er nådd, må det gjerast utskiftingar som ofte er kostbare – og som samstundes kan påføra bygget følgjekostnadar i andre bygningsdeler.

Forsømt vedlikehald kan i verste fall føre til at heile bygg må fornyast. Då må kostnadane flyttast frå driftsbudsjettet (FDV) til investeringsbudsjettet (rehabilitering). Etter kommunelova kan ikkje driftskostnader takast over investeringsbudsjettet. Ulike kostnader på ulike nivå for vedlikehaldsarbeidet er forsøkt illustrert i figuren under.



Figuren syner at dersom vedlikehaldet ikkje vert ivareteke, vil verdien på bygga gradvis reduserast – fram til forfallet er komen så langt at det må gjennomførast større og lånefinansierte investeringar. Dette reduserer kommunen sine høve til andre nyinvesteringar og aukar samstundes finanskostandene til kommunen.

Dei fem grunnskulane nyttar i gjennomsnitt ca. kr. 500 pr. m² BTA i forvaltning, drift og vedlikehald (FDV) av bygga. Dette er eit lågt tal som i realiteten vil gje bygningsforfall i framtida. Difor har Vaksdal kommune gjennom eigedomsstrategien for 2020 lagt inn eit FDV-nivå på kr. 1021 pr. m² BTA.

Tabellane under syner konsekvensane av ei vidareføring av dagens vedlikehaldsnivå og nivået som ligg til grunn for eigedomsstrategien 2020.

Tabell 4.4: Vidareføring av dagens vedlikehaldsnivå - FDV pr. m² BTA

Alternativ 0 A - Vidareføring av dagens situasjon - fem grunnskular

Areal m ² BTA	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Vaksdal skule (inkl. SFO/u.klubb)	2 554	2 554	2 554	2 554	2 554	2 554	2 554	2 554	2 554	2 554	2 554	2 554	2 554	2 554	2 554	2 554
Stanghelle skule inkl. samf.del	2 568	2 568	2 568	2 568	2 568	2 568	2 568	2 568	2 568	2 568	2 568	2 568	2 568	2 568	2 568	2 568
Dale barne- og ungdomsskule	7 076	7 076	7 076	7 076	7 076	7 076	7 076	7 076	7 076	7 076	7 076	7 076	7 076	7 076	7 076	7 076
Stammes skule	1 080	1 080	1 080	1 080	1 080	1 080	1 080	1 080	1 080	1 080	1 080	1 080	1 080	1 080	1 080	1 080
Eksingedalen skule 1-10	750	750	750	750	750	750	750	750	750	750	750	750	750	750	750	750
Sum areal m² BTA	14 028	14 028	14 028	14 028	14 028	14 028	14 028	14 028	14 028	14 028	14 028	14 028	14 028	14 028	14 028	14 028

Årlig FDV-kostnad	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	Sum
Vaksdal skule (inkl. SFO/u.klubb)	1,3 mill	1,3 mill	1,3 mill	1,3 mill	1,3 mill	1,3 mill	1,3 mill	1,3 mill	1,3 mill	1,3 mill	1,3 mill	1,3 mill	1,3 mill	1,3 mill	1,3 mill	1,3 mill	20,6 mill
Stanghelle skule inkl. samf.del	1,3 mill	1,3 mill	1,3 mill	1,3 mill	1,3 mill	1,3 mill	1,3 mill	1,3 mill	1,3 mill	1,3 mill	1,3 mill	1,3 mill	1,3 mill	1,3 mill	1,3 mill	1,3 mill	20,7 mill
Dale barne- og ungdomsskule	3,6 mill	3,6 mill	3,6 mill	3,6 mill	3,6 mill	3,6 mill	3,6 mill	3,6 mill	3,6 mill	3,6 mill	3,6 mill	3,6 mill	3,6 mill	3,6 mill	3,6 mill	3,6 mill	56,9 mill
Stammes skule	0,5 mill	0,5 mill	0,5 mill	0,5 mill	0,5 mill	0,5 mill	0,5 mill	0,5 mill	0,5 mill	0,5 mill	0,5 mill	0,5 mill	0,5 mill	0,5 mill	0,5 mill	0,5 mill	8,7 mill
Eksingedalen skule 1-10	0,4 mill	0,4 mill	0,4 mill	0,4 mill	0,4 mill	0,4 mill	0,4 mill	0,4 mill	0,4 mill	0,4 mill	0,4 mill	0,4 mill	0,4 mill	0,4 mill	0,4 mill	0,4 mill	6,0 mill
Sum årlig FDV-kostnad	7,1 mill	7,1 mill	7,1 mill	7,1 mill	7,1 mill	7,1 mill	7,1 mill	7,1 mill	7,1 mill	7,1 mill	7,1 mill	7,1 mill	7,1 mill	7,1 mill	7,1 mill	7,1 mill	112,9 mill

Tabell 4.5: Konsekvensen av vedlikehaldsnivået i eigedomsstrategien 2020 – FDV pr. m2 BTA

Alternativ 0 A - Videreføring av dagens situasjon - fem grunnskular

Areal m2 BTA	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Vaksdal skule (inkl. SFO/u.klubb)	2 554	2 554	2 554	2 554	2 554	2 554	2 554	2 554	2 554	2 554	2 554	2 554	2 554	2 554	2 554	2 554
Stanghelle skule inkl. samf.del	2 568	2 568	2 568	2 568	2 568	2 568	2 568	2 568	2 568	2 568	2 568	2 568	2 568	2 568	2 568	2 568
Dale barne- og ungdomsskule	7 076	7 076	7 076	7 076	7 076	7 076	7 076	7 076	7 076	7 076	7 076	7 076	7 076	7 076	7 076	7 076
Stammes skule	1 080	1 080	1 080	1 080	1 080	1 080	1 080	1 080	1 080	1 080	1 080	1 080	1 080	1 080	1 080	1 080
Eksingedalen skule 1-10	750	750	750	750	750	750	750	750	750	750	750	750	750	750	750	750
Sum areal m2 BTA	14 028	14 028	14 028	14 028	14 028	14 028	14 028	14 028	14 028	14 028	14 028	14 028	14 028	14 028	14 028	14 028

Årlig FDV-kostnad	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	Sum
Vaksdal skule (inkl. SFO/u.klubb)	2,6 mill	2,6 mill	2,6 mill	2,6 mill	2,6 mill	2,6 mill	2,6 mill	2,6 mill	2,6 mill	2,6 mill	2,6 mill	2,6 mill	2,6 mill	2,6 mill	2,6 mill	2,6 mill	41,7 mill
Stanghelle skule inkl. samf.del	2,6 mill	2,6 mill	2,6 mill	2,6 mill	2,6 mill	2,6 mill	2,6 mill	2,6 mill	2,6 mill	2,6 mill	2,6 mill	2,6 mill	2,6 mill	2,6 mill	2,6 mill	2,6 mill	41,9 mill
Dale barne- og ungdomsskule	7,2 mill	7,2 mill	7,2 mill	7,2 mill	7,2 mill	7,2 mill	7,2 mill	7,2 mill	7,2 mill	7,2 mill	7,2 mill	7,2 mill	7,2 mill	7,2 mill	7,2 mill	7,2 mill	115,5 mill
Stammes skule	1,1 mill	1,1 mill	1,1 mill	1,1 mill	1,1 mill	1,1 mill	1,1 mill	1,1 mill	1,1 mill	1,1 mill	1,1 mill	1,1 mill	1,1 mill	1,1 mill	1,1 mill	1,1 mill	17,6 mill
Eksingedalen skule 1-10	0,8 mill	0,8 mill	0,8 mill	0,8 mill	0,8 mill	0,8 mill	0,8 mill	0,8 mill	0,8 mill	0,8 mill	0,8 mill	0,8 mill	0,8 mill	0,8 mill	0,8 mill	0,8 mill	12,2 mill
Sum årlig FDV-kostnad	14,3 mill	14,3 mill	14,3 mill	14,3 mill	14,3 mill	14,3 mill	14,3 mill	14,3 mill	14,3 mill	14,3 mill	14,3 mill	14,3 mill	14,3 mill	14,3 mill	14,3 mill	14,3 mill	228,9 mill

Eigedomsstrategien sitt vedlikehaldsbehov inneberer at kommunen må dobla sine årlege kostnadar til FDV på skuleanlegga - om dette nivået skal leggjast til grunn for vedlikehaldet i framtida.

For kommunen som offentleg bygg- og eigedomsforvaltar er det difor sentralt å ha eit tilstrekkeleg vedlikehaldsbudsjett. Oppdaterte og gode vedlikehaldsplanar som gjev oversikt over komande store vedlikehaldsbehov, vil vere med å sikre effektiv ressursbruk av vedlikehaldsmidlane.

Fysisk likeverdige læringsmiljø for elevane

Skulebruksplaner er opptekne av kapasitet og læringsmiljø. Gode fysiske læringsmiljø er sentrale faktorar om kommunen skal leggje til rette for å utvikla ein god skole med føremålstenlege areal – både inne og ute.

I dag er det varierende bygningsmessig utforming og kvalitet på skuleanlegga i Vaksdal. Eit viktig moment som må drøftast i samband med eventuelle strukturelle endringar lokalt, er den einskilde skule sin bygningsmessige standard og kvalitet. Kommunen må vurdere om skuleanlegg med dårleg teknisk kvalitet og standard, kombinert med låg pedagogisk funksjonalitet, skal vidareførast som pedagogiske verksemder i framtida.

Skulen sitt uteareal

Sosial og helsedirektoratet gav i november 2003 ut rapporten ”Skolens utearealer. Om behovet for arealnørmner og virkemidler”. Rapporten tok i utgangspunkt i barn sitt behov for fysisk aktivitet og inneheld ei mengd forslag til normer for uteområde ved skulane. Innhaldet i rapporten er ikkje gjort gjeldande som normsetjande for skulebygging.

I samband med ny rettleiar (2014) til forskrift om Miljøretta helsevern, vert desse tilrådingane stadfesta.

Dei tilrådde retningslinene for storleik og utforming av uteområdet er:

Minimumskrav på 50 m² netto uteareal per elev.

- Minimumsareal ved små skoler (færre enn 100 elever): ca. 5000 m²
- Minimumsareal ved middels store skoler (mellom 100 og 300 elever): ca. 10 000 m²
- **Minimumsareal ved store skoler (flere enn 300 elever): ca. 15 000 m². For hver elev over 300 kommer et tillegg på 25 m².**

Skolens utearealer - Om behovet for arealnormer og virkemidler
Sosial- og helsedirektoratet

Kravene skiller mellom eksisterende og nye skoleanlegg:

- For nye skoleanlegg må minstekravene være tilfredsstillt, og arealene skal være samlet innenfor skolens uteareal.
- For eksisterende skoler med små arealer må minstekravene tilfredsstilles innenfor 200 m fra skolebygningen. Kommunen må sørge for at aktuelle offentlig tilgjengelige arealer i skolens nærmiljø sikres gjennom arealplanleggingen, ved oppkjøp av arealer, ved leieavtaler og lignende. Kommunen må først og fremst sørge for at slike arealer avsettes i oversiktsplanleggingen som friområder eller friluftsområder etter plan- og bygningsloven.

Skolens utearealer - Om behovet for arealnormer og virkemidler
Sosial- og helsedirektoratet

Like viktig som arealet, er sjølve utforminga og tilboda i eksisterande uteareal. Kvaliteten på uteområda er heilt sentral om uteareala skal nyttast til ulike føremål.

4.5 Nærmiljø- og folkehelsefokus

Skulane som kommunen sin forlenga arm i nærmiljøa og lokalsamfunna

Sosial nærleik til lokalsamfunnet vert ofte vurdert som ein sentral føresetnad for ein inkluderande skule. Skulane er eit samlingspunkt og fysisk base for aktivitetar i nærmiljøa – også utanom skuletida. Skulane er difor sentrale institusjonar i sine lokalmiljø. Mange har eit nært og personleg forhold til skulen – og mange opplever skulen som eit symbol på kontinuitet og som ei positiv kraft i krinsen uavhengig av elevtalsutviklinga. Det er som oftast dei minste skulane med dei høgaste elevkostnadane som er mest utsett i samband med eventuelle endringar av skulane sine inntaksområder. Sosial nærleik til lokalsamfunnet vert av mange vurdert som kvalitetsindikatorar for ein inkluderande skule. Det er difor viktig at ein eventuell strukturendring tek omsyn til dei funksjonane skuleanlegget har i bygda forutan å vera skule.

Skulane er samstundes offentlege arbeidsplassar som er med på å tilføre aktivitet og attraktivitet til dei stadane skulane er etablert. Strukturlysingar som inneberer at skulen vert føreslege lagt ned, vert difor opplevd som utelukkande negativt for nærmiljøa – sjølv om elevane vert overført til skular av ein mykje høgare fysisk bygningsmessig kvalitet og standard.

Ein skule åleine kan ikkje sikre berekraftig utvikling av dei einiskilde nærmiljøa eller grendene. Tap av arbeidsplassar og fråflytting skjer uavhengig av den kommunale skuledrifta. Det er summen av offentlege og private nærings- og samfunnsstrategiar som er hovudgrunnlaget for å etablera livskraftige lokalsamfunn. Dei kommunale tenestene bør som hovudregel utviklast der kor behova er størst.

Eventuell etterbruk / avhending av einiskilde skuleanlegg

I kommunestyret sine utvalte strukturløysingar, er det alternativ som inneberer at elevar vert overførte til andre skulekrinsar. Ei eventuell avhending av skuleanlegg til andre føremål, vert fremja som eigne saker til kommunestyret.

Denne planen tek utgangspunkt i at dei skuleanlegga som i framtida ikkje skal nyttast til grunnskuleføremål, vert som hovudregel fasa ut som kommunalt drivne bygg. Saker om eventuell etterbruk av nedlagde skular, vil vurdere løysingar som stimulerer til nærmiljøaktivitetar, idretts- og kulturføremål, borne- og ungdomsaktivitetar og frivillig lagsarbeid. Andre kommunale føremål vert også vurderte i denne prosessen.

Aldersblanding som læringssystem

Anita Berg-Olsen (Høgskolen i Nesna) har studert tre små aldersblanda skular for å synleggjera korleis aldersblanding fungerer og praktiserast som læringsstrategi og læringsverksemd. Resultata frå casestudien syner at små skular fungerer eit naturleg læringsfellesskap gjennom varierte relasjonar og læringsformer i spesifikke læringssituasjonar. Aldersblanding vert meir eit læringssystem enn ein konkret arbeidsmetode.

I små skulemiljø er det moglegeheiter for heilskapleg læring og identitetsutvikling (Anita Berg-Olsen si dr.gradsavhandling). Det er pedagogiske fordelar med ulike alderssteg i same gruppe: "Dei eldste elevane får prøve det å vere ressurspersonen og oppnår auke i sjølvmedvit og personleg tryggleik. Dei får fagleg repetisjon ved å undervise andre, stille spørsmål og gjennomgå for dei yngste, som på si side får ein "lærer" som ligg nær dei i alder og er lett å identifisere seg med." (S. 45 i Nærmiljøpedagogikk, red.: Kristoffer Melheim, 2009).

4.5.1 Skuleskyss og reisetid

Barneombodet har sagt dette om skuleskyss:

I NOU 1995:18 blir retten til skuleskyss omtala. Her viser ein til rettleiinga frå Kirke- og undervisningsdepartementet i heftet N-4/85 om anbefalt tidsbruk til reise- og ventetid ved skuleskyss. Det dåverande Kirke- og undervisningsdepartementet (nåværende Kunnskapsdepartementet) skriv følgjande:

Ved praktiseringen av grunnskoleloven har Kirke- og undervisningsdepartementet anbefalt følgjende når det gjelder "akseptabel" tid underveis (reisetid + gangtid + ventetid én vei):

For 1.-3. klasse: inntil 45 minuttar

For 4.-6. klasse: inntil 60 minuttar

For 7.-9. klasse: inntil 75 minuttar

Dette heftet er nå trekt tilbake. Barneombodet meiner det er grunn til å stille spørsmål ved om anbefalinga var i overkant av kva som er det beste for barnet. Reisetid som overstig det som i si tid blei anbefalt, vil etter vår meining vere i strid med kva som er det beste for barnet. Særlig gjeld det for dei yngste elevane og funksjonshemma elevar. Når ein skal vurdere kva som er det beste for barnet, må ein i tillegg til tida ta andre omsyn, så som standarden og kvaliteten på vegen, og servicenivået på skulebussen.

Læringsutbytte og skulemiljø

Når reisevegen blir for lang, kan det gå ut over retten elevane har på eit godt skulemiljø. Vi viser til opplæringslova kapittel 9a. Elevar som er slitne etter reisa, eller gruar seg til reisa, kan også få et redusert læringsutbyttet. Dersom lang skyss på dårlege vegar med dårlege transportmiddel går ut over læringsmiljøet, kan den i tillegg vere i strid med opplæringslova. Å vere lang tid utan tilsyn på skuleskyssen, kan også gi risiko for auka mobbing. Dette er skulen sitt ansvar. Utdanningsdirektoratet har i Rundskriv nr 2-2010 presisert at retten til eit godt psykososialt miljø også gjeld på skulevegen.

Retten til leik og fritid

Når eleva brukar lang tid på skuleskyss, så vil det bli mindre tid til leik, kvile og fritidsaktivitetar. Dette er ein rett som er heimla i Barnekonvensjonen artikkel 31. Lang reiseveg til skulen kan gå ut over denne retten.

Reisetida:

Stamnes - Dale	21 minutt	(Rute 911, www.skyss.no)
Vaksdal - Dale	20 minutt	(Rute 900, www.skyss.no)
Stanghelle - Dale	7 minutt	(Rute 950, www.skyss.no)
Eidslandet - Bergo	50 minutt	(Rute 911, www.skyss.no)
Eidsland - Dale	44 minutt	(Rute 911, www.skyss.no)
Eidsland - Stamnes	23 minutt	(Rute 911, www.skyss.no)
Eidsland - Mo	40 minutt	(Rute 911, www.skyss.no) skuleskyss via Vettejord som no

Det kan vurderast om einskilde elevar – ved ei overføring til Dale barne og ungdomsskule – bør ha sikringsskyss fram til felles haldeplass eller kjem om dei kjem inn under reglane for farleg skuleskyss.

Opplæringslova § 7-1 gjev elevar følgjande rettar i høve skuleskyss:

Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.

Ved ei eventuell endring av skulestrukturen i Vaksdal, der ny Dale BU blir sentralskule i kommunen, vil alle elevane frå dei andre skulekretsane ha rett på skuleskyss. Dei fleste elevane vil få E39 som skuleveg. Nokon elevar vil kome på skulebussen langs fylkesveg 569.

«Kommunen er ansvarleg for skyss av grunnskuleelevar som har tett til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg, [...] Elles er fylkeskommunen ansvarleg for skyss, [...] Kommunane betaler refusjon etter persontakst for grunnskuleelevar».

Merknad frå Ot.prop. nr. 46 (1997/1998) til § 7-1 i opplæringslova

«Elevar i 1. klasse som har meir enn 1 km gangavstand til offentleg skyssmiddel kan søkje om særskild skyss på denne strekninga. På same måte kan elevar i 2. – 10. klasse som har meir enn 2 km gangavstand til offentleg skyssmiddel søkje om særskild skyss på denne strekninga».

I reisetida skal gangtid, ventetid og reisetid frå heimen til skulen eller dør til dør målast. Det er kommunen som vurderer om skulevegen er farleg eller ikkje.

Opplæringslova har ikkje lenger øvre grenser for kva som er akseptabel reisetid – og det er opp til Vaksdal kommune å gjere desse vurderingane. Tidlegare var maksimal reisetid – ein veg – lovregulert til 45 minutt for elevar på småtrinnet, 60 minutt for elevar på mellomsteget og 75 minutt for elevar på ungdomssteget. Denne tilrådinga er ikkje lenger styrande for kommunane.

5 Arealnorm

5.1 Grunnskule

Vaksdal kommune har ikkje ein eigen vedteken arealnorm for skuleanlegg. Det er difor utarbeidd ei norm som byggjer på erfaringstal frå kommunar i Norge. Arealskjemaet syner normert arealbehov for ulike skuletypar og skulestorleikar – tilpassa dagens skular og strukturalternativa seinare i rapporten. Norma vert nytta i arealanalysen av det einstilte skuleanlegg for å sikre at alle skular vurderast på likt grunnlag. Ei på førehand definert norm kan også redusere behovet for tidleg-fase utgreiingar knytt til arealbehov og arealfunksjonar.

5.1.1 ***Tekst/utfyllande forklaring til arealnorma***

Det er eit prinsipp at alle elevar og tilsette, uavhengig av kva for skule dei er ved i kommunen, har dei same funksjonane tilgjengeleg for sitt arbeid. Men kommunens økonomiske rammer tillèt ikkje at det byggjast arealmessige fullgode spesialrom ved dei minste skulane. Det vil gjere dei for kostbare i investering og drift. Difor må ein ved små skular slå saman det normerte areal for nokre funksjonar og etablere fleirfunksjons rom. Til dømes kan ein i ein B100-skule (Barneskule med kapasitet til 100 elevar) slå saman det normerte arealet til kunst og handverk og naturfag, for så å etablere ein verkstad for tre/metallarbeid og forsøk, og eit rom for tekstil/teikning og forsøk. Skulekjøken, kantine og SFO kan planleggast slik at det same arealet skal fungere som kjøken og spiseareal, både i undervisning og i SFO.

Ved mindre skular kan ein også planleggje dei generelle læringsareala slik at dei samsvarar med behova ein fådelt skule har.

I de ulike kategoriane inngår følgjande rom:

5.1.2 ***Generelt læringsareal***

Generelle læringsareal: klasserom, baserom, grupperom, fellesareal, auditorium

Elevgarderobar/toalett: toalett som er tilgjengeleg for alle elevane i anlegget. Toalett tilknytt spesialromsfunksjonar som idrettsareal er ikkje med.

SFO-base: arealet til SFO som ikkje er sambruk med skulen. Arealet omfattar leike- og opphaldsareal, kjøken og materiallager for SFO.

5.1.2.1 ***Spesielt læringsareal***

Skulekjøken: koke-, anretning- og oppvaskzone, spiseareal, tørrvare- og kjølelager og rom for vask og stell av tøy.

Bibliotek: boksamling for skjønnlitteratur og fagbøker, og bibliotekararbeidsplass. Areal til eventuelt arkiv for lærebøker hentast frå «Drift og lager».

Naturfag: forsøksrom/klasserom, førebuingssrom og lager.

Musikk: øvingsrom, klasserom og lager.

Kunst og handverk: verkstader for harde materialar, mjuke materialar, maskinrom, materiallager og lagerplass for elevarbeid.

5.1.2.2 *Personal- og administrasjon*

Administrasjon (inkl. SFO-leider): forkontor, kontorar for rektor, inspektørar/avd. leiar og SFO-leiar, arkiv og rekvisitalager.

Lærararbeid plasser m/støttefunksjoner: kontorarbeidsplasser for lærarane, stillerom og samarbeidssonar.

Møterom: møterom som er tilgjengeleg for alle i personalet. Personalrom, som også er møterom, er ikkje inkludert i dette arealet.

Personalrom: arealet som nyttast til avvikling av personalets lunsjpause. Ofte er dette rommet også tilrettelagt for møteverksemd, men arealet blir ikkje rekna som møteareal.

Personalgarderobar/toalett: toalett, omkleddingsrom med dusj, og klesgarderobe for personalet. I dette arealet inngår ikkje garderobar tilknytt idrettsarealet.

5.1.2.3 *Andre funksjoner*

Kantine: areal kor elevane kan samlast for lunsj eller til andre sosiale samkomer.

Helse/PPT/Logoped: dei rom som er tilpassa skulehelsetenesta si verksemd. Dersom helsetenesta/PPT/logoped nyttar møterom eller generelt læringsareal tel det ikkje med i denne kategorien.

Drift og lager: areal for reinhald, driftspersonell og ulike lagerrom.

5.2 Døme på ein arealnorm for Vaksdal kommune

5.2.1 Barneskular

Arealprogram Vaksdal kommune	Fådelt skule		1 parallell					
	B50	Pr.elev	B100	Pr.elev	B150	Pr. elev	B200	Pr.elev
SKOLETYPE:								
GENERELT LÆRINGSAREAL:								
GENERELLE LÆRINGSAREAL	200	4,00	400	4,00	600	4,00	800	4,00
ELEVgarderobar/toalett	40	0,80	80	0,80	120	0,80	160	0,80
SFO-BASE	10	0,20	20	0,20	30	0,20	40	0,20
SUM GENERELT LÆRINGSAREAL:	250	5,00	500	5,00	750	5,00	1 000	5,00
SPEIELT LÆRINGSAREAL:								
SKULEKJØKEN	85	1,70	85	0,85	85	0,57	85	0,43
BIBLIOTEK*	15	0,30	40	0,40	50	0,33	60	0,30
NATURFAG	35	0,70	50	0,50	60	0,40	75	0,38
MUSIKK	30	0,60	70	0,70	80	0,53	115	0,58
KUNST OG HANDVERK	80	1,60	110	1,10	120	0,80	135	0,68
SUM SPEIELT LÆRINGSAREAL	245	4,90	355	3,55	395	2,63	470	2,35
PERSONAL- OG ADMINISTRASJON								
ADMINISTRASJON (INKL SFO-LEIAR)	30	0,60	38	0,38	38	0,25	38	0,19
LÆRARARBEIDSPlassar M/STØTTEFUNK	40	0,80	60	0,60	90	0,60	120	0,60
MØTEROM	20	0,40	20	0,20	20	0,13	20	0,10
PERSONALROM	20	0,40	20	0,20	24	0,16	32	0,16
PERSONALgarderobar/toalett	15	0,30	15	0,15	18	0,12	24	0,12
SUM PERSONAL- OG ADMINISTRASJONSARE	125	2,50	153	1,53	190	1,27	234	1,17
ANDRE FUNKSJONER:								
KANTINE*	-	0,00	30	0,30	45	0,30	60	0,30
HELSE/PPT/LOGOPED*	-	0,00	15	0,15	20	0,13	30	0,15
DRIFT OG LAGER*	40	0,80	40	0,4	55	0,37	70	0,35
SUM ANDRE FUNKSJONAR	40	0,80	85	0,85	120	0,80	160	0,80
SUM NETTOAREAL ekskl idrettsareal	660	13,20	1 093	10,93	1 455	9,70	1 864	9,32
SUM BRUTTOAREAL ekskl idrettsareal (NETTO)	924	18,48	1 530	15,30	2 037	13,58	2 610	13,05
IDRETTSAREAL (SAL/GARD/BIROM)	150	3,00	200	2,00	350	2,33	350	1,75
SUM NETTOAREAL inkl idrettsareal	810	16,20	1 293	12,93	1 805	12,03	2 214	11,07
SUM BRUTTOAREAL (NETTO* B/N faktor) :	1 134	22,68	1 810	18,10	2 527	16,85	3 100	15,50
I bruttoareal inngår tekniske rom, veggytkelser, gangareal m.m.								

5.2.2 **Kombinerte skular, 1.-10. trinn**

Arealprogram Vaksdal kommune		1 parallell		2 parallell					
SKOLETYPE:	K250	Pr.elev	K350	Pr.elev	K400	Pr.elev	K550	Pr.elev	
GENERELT LÆRINGSAREAL:									
GENERELLE LÆRINGSAREAL	1 000	4,00	1 400	4,00	1 600	4,00	2 200	4,00	
ELEVgarderobar/toalett	185	0,74	259	0,74	296	0,74	407	0,74	
SFO-BASE	35	0,14	49	0,14	56	0,14	77	0,14	
SUM GENERELT LÆRINGSAREAL:	1 220	4,88	1 708	4,88	1 952	4,88	2 684	4,88	
SPESIELT LÆRINGSAREAL:									
SKULEKJØKEN	100	0,40	100	0,29	110	0,28	100	0,18	
BIBLIOTEK*	75	0,30	80	0,23	90	0,23	100	0,18	
NATURFAG	80	0,32	100	0,29	100	0,25	100	0,18	
MUSIKK	90	0,36	100	0,29	120	0,30	150	0,27	
KUNST OG HANDVERK	145	0,58	180	0,51	280	0,70	300	0,55	
SUM SPESIELT LÆRINGSAREAL	490	1,96	560	1,60	700	1,75	750	1,36	
PERSONAL- OG ADMINISTRASJON									
ADMINISTRASJON (INKL SFO-LEIAR)	51	0,20	64	0,18	64	0,16	64	0,12	
LÆRARARBEIDSPlassar M/STØTTEFUNKS	150	0,60	210	0,60	240	0,60	336	0,61	
MØTEROM	30	0,12	50	0,14	55	0,14	60	0,11	
PERSONALROM	40	0,16	56	0,16	64	0,16	86	0,16	
PERSONALgarderobar/toalett	30	0,12	42	0,12	48	0,12	65	0,12	
SUM PERSONAL- OG ADMINISTRASJONSAREA	301	1,20	422	1,21	471	1,18	611	1,11	
ANDRE FUNKSJONER:									
KANTINE*	75	0,30	100	0,29	120	0,30	180	0,33	
HELSE/PPT/LOGOPED*	25	0,10	30	0,09	30	0,08	30	0,05	
DRIFT OG LAGER*	75	0,30	85	0,24	100	0,25	125	0,23	
SUM ANDRE FUNKSJONAR	175	0,70	215	0,61	250	0,63	335	0,61	
SUM NETTOAREAL ekskl idrettsareal	2 186	8,74	2 905	8,30	3 373	8,43	4 380	7,96	
SUM BRUTTOAREAL ekskl idrettsareal (NETTO)*	3 060	12,24	4 067	11,62	4 722	11,81	6 131	11,15	
IDRETTSAREAL (SAL/GARD/BIROM)	350	1,40	350	1,00	350	0,88	700	1,27	
SUM NETTOAREAL inkl idrettsareal	2 536	10,14	3 255	9,30	3 723	9,31	5 080	9,24	
SUM BRUTTOAREAL (NETTO* B/N faktor) :	3 550	14,20	4 557	13,02	5 212	13,03	7 111	12,93	
I bruttoareal inngår tekniske rom, veggtykkelser, gangareal m.m.									

6

Strukturmoeglegheiter

I dette kapittelet vert dei fire strukturalternativa som vart vedteke i kommunestyret konsekvensvurdert. Alternativ OA er ei vidareføring av eksisterande skulebygg. Alt. OA fungerer som referansealternativ som dei andre alternativa vert målt opp mot.

6.1 Hovudinstrykk for skulane i Vaksdal kommune

- Stort vedlikehaldsetterslep – låg teknisk og pedagogisk tilstand/funksjonalitet (Gjeld særleg Dale BU, men og i nokon grad Vaksdal skule).
- Alle skulane har ledig kapasitet med plass til fleire elevar og tilsette
- Korte avstandar mellom dei største barneskulane
- Fådelte skular med lågt elevtal. Få elevar på kvart årstrinn, og einskilde årssteg utan elevar. Tynt miljø både fagleg og sosialt i Eksingedalen og Stamnes.
- Høg andel gjesteelevar til Mo skule
- Dårlig vegstandard på nokre vegstrekingar – men akseptable reisetider for dei fleste elevane

6.2 Overordna føringar

Dei strukturelle vurderingane i denne rapporten tek utgangspunkt i slike overordna føresetnader:

- ❖ etablere skulestrukturar som i størst mogleg grad sikrar at alle elevane får likeverdige fysiske opplæringsmiljø
- ❖ elevar som vert tilrådd å byta skule – skal få tilbod om eit betre fysisk læringsmiljø ved eit eventuelt skulebyte
- ❖ Eksingedalen skule ligg fast som eigen skulekrins – grunna reisetid og reiseveg
- ❖ Sikre nok skuleareal og skulekapasitet i eit langsiktig perspektiv
- ❖ ei lokalisering som samsvarar med behova og dei langsiktige linene i kommuneplanen
- ❖ ein struktur som i størst mogleg grad sikrar store fagmiljø som er endringsdyktige, effektive og fleksible
- ❖ gjev forsvarlege skysstreiser med reisetider som er akseptable

6.3 Økonomiske føresetnader for investeringskostnader og driftskonsekvensar

Dei økonomiske kalkylene for bygningsmessige tiltak i strukturkonseptene tar utgangspunkt i slike forutsetninger:

Behov	Kostnad (2015-kroner)
Rive-/saneringskostnader	Kr. 1.474,-
Rehabilitering og vedlikeholdsetterslep	Kr. 22.000,-
Rehabilitering/ombygging og vedlikeholdsetterslep Dale BU	Kr. 30.500,-
Nybygg/tilbygg	Kr. 35.000,-

Tabell 6.3: Prosjektkostnad pr. m² er overslagstall som er basert på erfaringspriser og statistiske priser frå Norsk prisbok 2015. Estimerte kostnader for vedlikeholdsetterslep ved Dale BU er tatt med i kostnadsberekninga i alternativ 0A (Tilstandsrapport Norconsult 2015).

6.3.1 Rive-/saneringskostnader

Rive-/saneringskostnader er sett til kr. 1.474 pr. m². (Eventuelle kostnader knytt til erstatningsbygg/paviljongar i byggeperioden er ikkje tatt med i berekningane).

6.3.2 Rehabilitering og vedlikeholdsetterslep av eksisterande areal

Denne kategorien tek utgangspunkt i tilstandsrapport for dei enkelte skuleanlegga, utarbeidd av Norconsult våren 2015. Kostnad pr. m² for rehabilitering er sett til kr. 22.000,-

6.3.3 Rehabilitering, ombygging og vedlikeholdsetterslep Dale BU

For Dale BU er det lagt til grunn høgare kostnader knytt til rehabilitering og vedlikeholdsetterslep. Dette fordi arbeidet her er vurdert som meir omfattande enn ved dei andre skulane (jfr. Tilstandsrapport Norconsult 2015). Enkelte tiltak her krevjar endringar i hovudbærande konstruksjonar, noko som er svært kostnadskrevjande. Kostnad pr. m² for rehabilitering og ombygging ved Dale BU er sett til kr. 30.500,-

6.3.4 Nybygg/tilbygg (inkl. mva.)

Prosjektkostnad for nybygg er sett til kr. 35.000,- pr. m² bruttoareal (BTA), inkludert infrastruktur og grunnarbeid på tomte. Det er her medrekna dei kostnadskomponentar som ligg inne i standard kontoplan for byggeprosjekt:

- Rigg og drift
- bygning
- vvs
- elektro sterkstrøm og svakstrøm
- andre installasjonar (heis)
- utomhusarbeid
- generelle kostnader (honorar, gebyr mm)
- marginar, reserver og inventar
- mva.

Tiltak utafor skuletomta, inventar / utstyr, leikeplassutstyr mv er ikkje inkludert i prosjektkostnaden over. Merk at meirverdiavgift er inkludert og kommunen vil få meirverdikompensasjon for dei føreslegne tiltaka i denne planen.

6.4 Gjesteelevar til Mo skule

Skulåret 2015/16 får til saman 19 elevar frå skulekrinsane Stamnes og Eksingedalen skuletilbod som gjesteelevar ved Mo skule i Modalen kommune. Dette gjeld i hovudsak elevar frå tidlegare Eidslandet skulekrins, men elevar busett på strekninga Vetlejord-Høvik nedst i Eksingedalen får og tilbod om skulegang i Modalen.

Både Stamnes skule og Eksingedalen skule har god plass til å ta imot elevane som i dag reiser til Mo skule. På Stamnes skule er elevtalet lågt på fleire av årstrinna, og ei tilvekst frå Eidslandet vil vere positivt for miljøet på Stamnes både fagleg og sosialt.

Elevane frå Eidslandet kan overførast til Stamnes skule utan at det fører til auke i klassetalet.

Likeeins har Eksingedalen skule god plass til å kunne ta i mot elevane frå Vetlejord og Høvik. Det er venta at elevtalet ved Eksingedalen skule vil halde seg lågt utover i planperioden, så tilføring av fleire elevar vil vere svært positivt for elev- og læringsmiljø her.

Vaksdal kommune betaler inneverande skuleår kr. 91.000,- pr. gjesteelev ved Mo skule (Kostnader knytt til spesialundervisning er ikkje tatt med her). Dersom gjesteelevane i framtida får skuletilbodet ved Stamnes og/eller Eksingedalen skule, kan midla i staden nyttast ved desse skulane og kome alle elevane her til gode.

Ei slik endring vil ikkje føre til auke i skysskostnader. Alle gjesteelevane får i dag skuleskyss til Mo skule. Endringa vil i så måte berre føre til at elevane får skuleskyss til ein annan skule enn i dag.

Elevane frå Høvik og Vetlejord vil få lengre skuleveg til Eksingedalen skule enn dei har til Mo skule i dag. Oppgitt avstand mellom Høvik og Eksingedalen skule (Bergo) er 22 km, og reistid med bil er oppgitt til 25 minutt. Reisetida vil vere noko lengre med skulebuss.

Tilsvarende er avstanden frå Høvik til Mo skule oppgitt til å vere 6 km, med berekna reistid på 8 minutt med bil.

Elevane frå Eidslandet har i dag ca. 13 km reiseveg til Mo skule. Oppgitt reisetid med bil er 17 min. Tilsvarende er avstanden frå Eidslandet til Stamnes skule ca. 11 km, og reisetida er oppgitt til å vere 14 min med bil. Som nemnt over må det reknast noko lengre reisetid med skulebuss enn med privatbil. I følgje rutetabell for rute 915 Straume-Mo-Eidslandet-Stamnes-Dale, tek det 23 minutt med rutebuss frå Eidslandet til Stamnes skule.

(Kjelde reisetid- og avstand: www.google.no/maps og www.rutebok.no).

Det ligg i dag ikkje føre sentralt gitt regelverk for kva som kan reknast som akseptabel reisetid for elevar i grunnskulen, men det heiter seg at

«Skuleskyssen skal organiserast slik at elevane får ei akseptabel reisetid. I vurderinga blir gangtid, ventetid og tid med transportmiddel sett i samanheng. I tillegg blir eleven sin alder vektlagt».

(Kjelde: Merknader frå Ot prp nr. 46 1997/1998 til § 7-1)

Avstand og reisetid for dagens gjesteelevar frå heimstad til skular i Vaksdal kommune, er ikkje lengre enn det fleire andre elevar i kommunen har, og ei eventuell endring i reisetid som følgjer av skulebytte må difor kunne seiast å vere akseptabel (Meir om skuleskyss i kap. 4.5.1).

På bakgrunn av overståande bør det vurderast om gjesteelevar ved Mo skule i framtidig skulestruktur bør få skuletilbodet ved ein av nærskulane i Vaksdal kommune.

6.5 Fire moglege alternativ / konsept

I tråd med vedtak i kommunestyret har prosjektgruppa vurdert fire moglege strukturalternativ. Alternativ 0 er basert på at dagens skulestruktur vert vidareført. Her er det lagt til grunn at vedlikehaldstiltak blir gjennomført i tråd med anbefalingane i tilstandsrapport utarbeidd av Noconsult våren 2015. Dette alternativet vert i planen lagt til grunn som eit referansealternativ som dei andre alternativa målast opp mot. Referansealternativet er i figuren under vist som alternativ 0A.

I tillegg er det vist eit alternativ 0B som tek utgangspunkt i at dagens skulestruktur vert vidareført. Skilnaden til referansealternativet er at 0B ligg til grunn at Dale BU får nytt skulebygg og at paviljongen ved Vaksdal skule vert rive og erstatta med tilbygg til hovudbygget.

Alternativ	Skulestruktur
0A	K250 på Dale. Referansealternativ. Vidareføring av dagens situasjon. Rehabilitering av eksisterande skulebygg i tråd med tilstandsanalyse.
0B	K250 på Dale. Vidareføring av dagens situasjon. Rehabilitering av eksisterande skulebygg i tråd med tilstandsanalyse. Nytt skulebygg ved Dale BU. Vaksdal skule får tilbygg.
1	Fem skular, K400 på Dale. 1.-4. årssteg på Vaksdal, Stamnes og Stanghelle skular. 1.-10. årssteg på Dale barne- og ungdomsskule og på Eksingedalen skule.
2	Tre skular, K400 på Dale; Dale barne- og ungdomsskule, Vaksdal skule og Eksingedalen skule
3	To skular, K550 på Dale; Dale barne- og ungdomsskule og Eksingedalen skule

Figur 6.4 Oversikt over moglege framtidige skulestrukturalternativ i Vaksdal kommune

6.6 Alternativ 0A – Vidareføring av dagens situasjon (referansealternativet)

6.6.1 Strukturkonsekvensar

Ingen endring av skulestrukturen. Alternativet vidarefører dagens situasjon med kombinertskule 1-10 på Dale (felles ungdomssteg), og med barneskular (1-7) på Stanghelle, Stamnes og Vaksdal. Eksingedalen skule vert vidareført med 1.-10 årssteg.

Skulebygga ved Dale BU og Vaksdal skule vert rehabilitert og rusta opp i samsvar med tiltaksplan etter tilstandsvurdering (Norconsult 2015).

6.6.2 Investerings- og bygningsmessige konsekvensar for alternativ 0A

Det er estimert eit investeringsbehov på om lag kr. 311 mill. til rehabiliteringsoppgåver ved dei fem skulanlegga i kommunen. Størst behov er vurdert ved Dale barne- og ungdomsskule.

Alternativ 0 A - Videreføring av dagens situasjon - fem grunnskular	Dimensjonerende elevtall jf. prognose inkl. 10% buffer	Areal pr. nov 2013	Arealbehov iht elevtall	Type tiltak (m2)			Anslått investeringskostnad (NOK)			
				Riving/sanering	Dale BU Totalrehab	Nybygg	Riving/sanering	Dale BU Totalrehab	Nybygg	Investeringskostnad
Vaksdal skule (inkl. SFO/u.klubb)	170	2 314	2 285	-	2 250	-	-	49,5 mill	-	49,5 mill
Stanghelle skule inkl. samf.del	100	2 568	1 810		1 050		-	23,1 mill	-	23,1 mill
Dale barne- og ungdomsskule	250	7 076	3 532	-	7 076		-	215,8 mill	-	215,8 mill
Stamnes skule	40	1 080	916		590		-	13,0 mill	-	13,0 mill
Eksingedalen skule 1-10	15	750	500		500		-	11,0 mill	-	11,0 mill
Sum	575	13 788	9 043	-	11 466	-	-	312,4 mill	-	312,4 mill

Figurar og tabellar for elevtalsutviklinga med alternativ 0 er vist i kapittel 2.

6.7 Alternativ 0B – Vidareføring av dagens skulestruktur

6.7.1 Strukturkonsekvensar

Ingen endring av skulestrukturen. Alternativet vidarefører dagens situasjon med kombinertskule 1-10 på Dale (felles ungdomssteg), og med barneskular (1-7) på Stanghelle, Stamnes og Vaksdal. Eksingedalen skule vert vidareført med 1.-10 årssteg.

Dale barne- og ungdomsskule vert i dette alternativet tilrådd sanert og bygt opp som heilt ny skule. Ved Vaksdal skule vert paviljong/SFO-bygg rive og erstatta med tilbygg på hovudbygget. Hovudbygget vert rehabilitert og rusta opp i samsvar med tiltaksplan etter tilstandsvurdering (Norconsult 2015).

Figurar og tabellar for elevtalsutviklinga med alternativ 0 er vist i kapittel 2.

6.7.2 Investerings- og bygningsmessige konsekvensar for alternativ 0B

Det byggjast ny kombinertskule på Dale med kapasitet til 250 elevar. Dei andre skulebygga vert rusta opp i tråd med vedlikehaldsplan. Ved Vaksdal skule vert paviljongen erstatta med tilbygg på hovudbygget. Samla investeringar og vedlikehaldsetterslep er 275 mill.kr.

Alternativ 0 B - Vidareføring av dagens situasjon - fem grunnskular	Dimensjonerende elevtall jf. prognose inkl. 10% buffer	Areal pr. nov 2013	Arealbehov iht elevtall	Type tiltak (m2)			Anslått investeringskostnad (NOK)				
				Riving/sanering	Ombygging / vedlikeholdsetterslep	Nybygg	Riving/sanering	Ombygging / vedlikeholdsetterslep	Nybygg	Investeringskostnad	
Vaksdal skule (inkl. SFO/u.klubb)	170	2 314	2 285	750	1 564	750	1,1 mill	34,4 mill	26,3 mill	61,8 mill	
Stanghelle skule inkl. samf.del	100	2 568	1 810		1 050		-	23,1 mill	-	23,1 mill	
Dale barne- og ungdomsskule	250	7 076	3 532	7 076		3 532	10,4 mill	-	123,6 mill	134,1 mill	
Stamnes skule	40	1 080	916		590		-	13,0 mill	-	13,0 mill	
Eksingedalen skule 1-10	15	750	500		500		-	11,0 mill	-	11,0 mill	
Sum	575	13 788	9 043	7 826	3 704	4 282	11,5 mill	81,5 mill	149,9 mill	242,9 mill	

For Vaksdal skule er det lagt til grunn rehabilitering/ombygging/vedlikehaldsetterslep og tilbygg til ein estimert investeringskostnad på ca. 62 mill.kr. Dersom kommunen vel ei løysing som inneber å erstatte heile skulebygget med nybygg, vert investeringskostanden om lag 81 mill. kr. – eller ca. 20 mill. meir enn vist i tabellen over.

6.8 Alternativ 1 - Fem skular – 5.-10. årssteg samla på Dale BU

6.8.1 Strukturkonsekvensar

Alternativ 1 er basert på at alle skulane vert vidareført, men at Dale BU vert fellesskule for 5.-10. årssteg for alle skulane utanom Eksingedalen skule. 1.-4. vidareførast som fådelt skule. Skulane på Stamnes, Stanghelle og Vaksdal vert vidareført som 1-4-skular. Her vert Stamnes og Stanghelle fådelte, medan Vaksdal vert fulldelt.

På bakgrunn av ny gjennomgang av elevtalsframskriving for dei enkelte skulekrinsane, vert det lagt til grunn eit kapasitetsbehov på 400 ved Dale BU med alternativ 1.

6.8.2 Investerings- og bygningsmessige konsekvensar for alternativ 1


Det byggjast ny kombinertskule på Dale med kapasitet til 400 elevar. Dei andre skulebygga vert rusta opp i tråd med vedlikehaldsplan. Paviljong ved Vaksdal skule vert rive.

Samla investeringar og vedlikehaldsetterslep er 275 mill.kr.

Alternativ 1 - Fem grunnskular med 5-10 årstrinn på Dale BU	Dimensjoneren de elevtall jf. prognose inkl. 10% buffer	Areal pr. nov 2013	Arealbehov iht elevtall	Type tiltak (m2)			Anslått investeringskostnad (NOK)			
				Riving/ sanering	Ombygging / vedlikeholdsetterslep	Nybygg	Riving/ sanering	Ombygging / vedlikeholdsetterslep	Nybygg	Investeringskostnad
Vaksdal skule 1-4	85	2 314	1 300	750	1 564		1,1 mill	34,4 mill	-	35,5 mill
Stanghelle skule 1-4	50	2 568	1 145		1 050		-	23,1 mill	-	23,1 mill
Dale barne- og ungdomsskule 1-10 (ekskl. symjehall)	400	7 076	5 187	7 076		5 187	10,4 mill	-	181,5 mill	192,0 mill
Stamnes skule 1-4	30	1 080	687		590		-	13,0 mill	-	13,0 mill
Eksingedalen skule 1-10	15	750	500		500		-	11,0 mill	-	11,0 mill
Sum	580	13 788	8 819	7 826	3 704	5 187	11,5 mill	81,5 mill	181,5 mill	274,6 mill


For Vaksdal skule er det lagt til grunn rehabilitering/ombygging/vedlikehaldsetterslep til ein estimert investeringskostnad på ca. 34,4 mill.kr. Dersom kommunen vel ei løysing som inneber å erstatte heile skulebygget med nybygg, vert investeringskostanden om lag 45,5 mill. kr. – eller ca. 11 mill. meir enn vist i tabellen over.

6.8.3 Elevtalsframskriving for skulane, strukturalternativ 1




Elevtalsframskriving for Dale BU, med felles 5.-10. trinn for heile kommunen (utanom Eksingedalen)


Elevtalsframskriving for Stanghelle skule 1.-4.trinn, med 5.-7.trinn flytta til Dale BU.



Elevtalsframskriving for Starnes skule 1.-4.trinn, med 5.-7.trinn flytta til Dale BU.



Elevtalsframskriving for Vaksdal skule 1.-4.trinn, med 5.-7.trinn flytta til Dale BU.



6.9 Alternativ 2 – Tre skular – Dale BU, Vaksdal og Eksingedalen

6.9.1 Strukturkonsekvensar

Elevar frå Stamnes skule og Stanghelle skule vert overført til Dale barne- og ungdomsskule. Skulane på Vaksdal og i Eksingedalen vert vidareført.


6.9.2 Investerings- og bygningsmessige konsekvensar

Det byggjast ny kombinertskule på Dale med kapasitet til 400 elevar. Vaksdal skule vert rusta opp i tråd med vedlikehaldsplan. Paviljongen vert erstatta med tilbygg på hovudbygget. Samla investeringar og vedlikehaldsetterslep er 265 mill.kr.

Alternativ 2 - Tre skular - Vaksdal, Eksingedalen og Dale BU	Dimensjoneren de elevtall jf. prognose inkl. 10% buffer	Areal pr. nov 2013	Arealbehov iht elevtall	Type tiltak (m2)			Anslått investeringskostnad (NOK)			
				Riving/sanering	Ombygging / vedlikeholdsetterslep	Nybygg	Riving/sanering	Ombygging / vedlikeholdsetterslep	Nybygg	Investeringskostnad
Vaksdal skule (inkl. SFO/u.klubb)	170	2 314	2 285	750	1 564	750	1,1 mill	34,4 mill	26,3 mill	61,8 mill
Stanghelle skule inkl. samf.del	-	2 568					-	-	-	-
Dale BU inkl. Stanghelle og Stamnes	400	7 076	5 187	7 076		5 187	10,4 mill	-	181,5 mill	192,0 mill
Stamnes skule	-	1 080					-	-	-	-
Eksingedalen skule 1-10	15	750	500		500		-	11,0 mill	-	11,0 mill
Sum	585	13 788	7 972	7 826	2 064	5 937	11,5 mill	45,4 mill	207,8 mill	264,7 mill

For Vaksdal skule er det lagt til grunn rehabilitering/ombygging/vedlikehaldsetterslep og tilbygg til ein estimert investeringskostnad på ca. 62 mill.kr. Dersom kommunen vel ei løysing som inneber å erstatte heile skulebygget med nybygg, vert investeringskostanden om lag 81 mill. kr. – eller ca. 20 mill. meir enn vist i tabellen over.

6.9.3 Elevtalsframskriving for skulane, strukturalternativ 2



Elevtalsframskriving for Dale BU 1.-10.trinn (Samla elevtall frå skulekrinsane Dale, Stamnes og Stanghelle).

Elevtalsframskriving for Vaksdal skule 1.-7. trinn vert som vist i tabell kapittel 2.6, Vaksdal skule.

6.10 Alternativ 3 – 1.-10. årssteg på Dale barne- og ungdomsskule.

6.10.1 Strukturkonsekvensar


Elevar frå Vaksdal, Stamnes og Stanghelle skular vert overført til Dale barne- og ungdomsskule. Eksingedalen vert vidareført som i dag.

6.10.2 Investerings- og bygningsmessige konsekvensar

Det byggjast ny kombinertskule på Dale med kapasitet til 550 elevar. Eksingedalen skule vert rusta opp i tråd med vedlikehaldsplan. Samla investeringar og vedlikehaldsetterslep er 260 mill.kr.

Alternativ 3 - Felles kombinert 1-10 skule	Dimensjoneren de elevtall jf. prognose inkl. 10% buffer	Areal pr. nov 2013	Arealbehov iht elevtall	Type tiltak (m2)			Anslått investeringskostnad (NOK)			
				Riving/sanering	Ombygging / vedlikeholdsetterslep	Nybygg	Riving/sanering	Ombygging / vedlikeholdsetterslep	Nybygg	Investeringskostnad
Dale barne- og ungdomsskule 1-10	550	7 076	6 821	7 076		6 821	10,4 mill	-	238,7 mill	249,2 mill
Vaksdal skule		2 314					-	-	-	-
Stanghelle skule		2 568					-	-	-	-
Stamnes skule		1 080					-	-	-	-
Eksingedalen skule 1-10	15	750	500		500		-	11,0 mill	-	11,0 mill
Sum	565	13 788	7 321	7 076	500	6 821	10,4 mill	11,0 mill	238,7 mill	260,2 mill

6.10.3 Elevtalsframskriving for skulane, strukturalternativ 3



Elevtalsframskriving for Dale BU 1.-10. trinn, med fellesskule for 1.-10. trinn (Samla elevtal frå skulekrinsane Dale, Stamnes, Stanghelle og Vaksdal).

7 Estimerte driftsmessige konsekvensar

Dette kapitlet gjev grove kostnadsestimat for dei skisserte moglegheitene og strukturalternativa for grunnskoletenestene i Vaksdal kommune. Tabellane nedanfor viser samla aggregert driftskostnad (2014-kroner) for alle år i planperioden (2015-2030), samt differansen til strukturalternativ 0A. Grunnlagstabellar for kvart enkelt år i perioden er å finne som vedlegg til planen.

- **Lønskostnader** er knytt til tal på grupper på kvar av skulane kvart enkelt skuleår i planperioden. Det er tatt utgangspunkt i regnskapstal for Vaksdal kommune for 2014 der gjennomsnitt lønskostnad pr. klasse er kr 1,33 mill./klasse på barnesteget og 1,92 mill. på kombinertskulane. Kostnader er ekskl. spesialundervisning.

I modelleringa av aggregerte driftskostnader i kvart strukturalternativ er endringar i lønskostnader som følgje av strukturendring lagt inn frå det året endringa er foreslått utført.

Talet på grupper er rekna ut frå delingstalet for skulen og elevtalsframskrivinga (J.f. kap. 2 Elevtalsframskrivingar og kap. 3 Analyse med kapasitetsvurderingar).

- **Skysskostnad:** Skuleskyssen tek utgangspunkt i skyssnivået i budsjettåret 2014. Vaksdal kommune bruker omkring 1.34 mill.kr. på å skyss 166 elevar. Dette gjev ein snittpris på kr. 8072 pr. elev.

For kvart strukturalternativ vert skysskostnadane korrigert i høve til elevtalsutviklinga i planperioden. I modellering av skysskostnader er endringar i utgifter til skuleskyss lagt inn frå det året endringa er foreslått utført.

- **FDV-kostnad:** FDV-kostnadane tek utgangspunkt i kostnadsnivået i 2014/15. Vaksdal kommune brukte omkring 7,1 mill. kr. Til FDV-kostnader på sine skuleanlegg i 2014/15. Kommunen drifta totalt 14.028m² BTA grunnskuleareal. Dette gjev ein pris på ca. 500 pr. m² BTA.

Endringar i FDV-kostnad grunna endra skuleareal er lagt inn frå det året endringa er foreslått utført.

- **Rente- og kapitalkostnad:** Rente- og kapitalkostnad er basert på annuitetslån med nedbetalingstid på 30 år med gjennomsnittleg 4% årleg rente. Årleg rente- og kapitalkostnad utgjer kr. 58.000,- pr. 1 mill. investerte kroner.

Endringar i rente- og kapitalkostnader som følgje av investering er lagt inn frå det året endringa er foreslått utført.

- **Avhendings- og salsinntekter** Sal, avhending og/eller etterbruk er ikkje vurdert i denne samanheng. Når vedtak om framtidig skulestruktur ligg føre, vil etterbruk av skuleanlegga verte fremja som eigne politiske saker.

7.1 Driftskonsekvensar tufta på vidareføring av dagens kostnadsnivå (2015-2030).

Oversikt driftskostnader	Vidareføring av dagens skulestruktur, 5 skular		5.-10.trinn på Dale BU	Tre skular	Felles 1-10 skule på Dale
	Alternativ 0A - Oppgradering av eksisterande skuleanlegg	Alternativ 0B - Nybygg ved Dale BU (K250)	Alternativ 1 - Fem skular med 5-10 årstrinn på Dale BU (K350)	Alternativ 2 - Tre skular - Eksingedalen, Vaksdal og Dale BU (K400)	Alternativ 3 - Felles kombinert 1-10 skule (K600)
Sum lønnskostnad i perioden	733,6 mill	733,6 mill	687,9 mill	689,2 mill	622,5 mill
Sum skysskostnad i perioden	21,4 mill	21,4 mill	30,6 mill	30,6 mill	40,2 mill
Sum FDV kostnad i perioden	112,9 mill	91,5 mill	97,0 mill	79,5 mill	73,9 mill
Sum kapitalkostnader i perioden	217,4 mill	169,1 mill	191,1 mill	184,3 mill	181,1 mill
Sum	1 085,4 mill	1 015,6 mill	1 006,5 mill	983,5 mill	917,6 mill
Differanse til Konsept 0A		-69,8 mill	-78,9 mill	-101,9 mill	-167,8 mill
Årlig innsparingspotensiale (snitt effektår)		-5,8 mill	-6,6 mill	-8,5 mill	-14,0 mill

Tabellen 7.1 Samanlikning av modellert driftskostnad for anbefalte strukturalternativ i planperioden 2015 – 2030. Strukturendring er lagt inn med verknad frå skuleåret 2019/20.

Tabell 7.1 viser at det er eit betydeleg innsparingspotensial ved alle dei alternative strukturalternativa, samanlikna med referansealternativet som er basert på ei vidareføring av dagens skulestruktur. Alternativ 3 medfører størst endring i skulestrukturen, og har det største innsparingspotensialet. Årleg innsparingspotensial etter at strukturendringa er gjennomført er berekna til **14,0 mill.kr.** Samla sett frå 2019 til 2030 utgjer dette omkring 168 mill.kr.

Innsparingspotensialet kjem i første rekkje av at det vert fleire elevar i klassane, slik at samla tal på klassar i kommunen vert redusert. Reduksjon i klassetalet er basert på høgare elevtal samla på ny Dale BU og at skulen får større klasserom med kapasitet til elevtal opp til delingstalet.

FDV-kostnadane vert redusert frå omkring 113 mill. kr. med alternativ 0A, til omkring 74 mill. kr. med alternativ 3. Reduksjonen skuldast i hovudsak at kommunen får færre skuleanlegg/skuleareal å drifte, samt at Dale BU får eit lågare bruttoareal enn i dag.

Alternativ 3 fører og til lågare rente- og kapitalkostander enn alternativ 0A. Dette kjem av at kommunen ikkje treng å ta seg av det store vedlikehaldsetterslepet som er avdekket. Behovet for rehabilitering er særleg stort ved Dale BU og Vaksdal skule.

Skysskostnaden vert omtrent fordobla med alternativ 3, når langt fleire elevar enn i dag vert avhengig av skuleskyss. Skysskostnad pr. år vert likevel relativt liten sett opp mot totalkostandane.

Alternativ 0B er også basert på ei vidareføring av dagens skulestruktur, men med nytt skulebygg på Dale BU (K250) og tilbygg på Vaksdal skule. Som det går fram av tabellen over har også dette alternativet eit innsparingspotensial i høve til 0A. Det er lågare FDV-kostnader og kapitalkostnader som her slår ut.

Alternativ 1 har eit innsparingspotensiale i høve til referansealternativ 0A, men kjem omtrent likt ut i høve til 0B. Dette skuldast at alternativ 1 medfører høgare rente- og kapitalkostander enn alternativ 0B.

Alternativ 2 har eit klart innsparingspotensial samanlikna med referansealternativet 0A, og skilnaden er størst i høve til lønnskostander. Samla innsparingspotensial er 8,5 mill. kr. pr. år. Samanlikna med alternativ 0B vert skilnaden mindre, omkring 2,7 mill. kr. pr. år.

7.2 Driftskonsekvensar tufta på anbefalt FDV-nivå i eigedomsstrategi for Vaksdal kommune

Tabell 7.2: Samanlikning av modellert driftskostnad for anbefalte strukturalternativ i planperioden 2015 – 2030 med utgangspunkt i FDV-nivået frå eigedomsstrategi for Vaksdal kommune. Strukturendring er lagt inn med verknad frå skuleåret 2019/20.

Oversikt driftskostnader tufta på eigedomsstrategi 2020	Vidareføring av dagens skulestruktur, 5 skular		5.-10.trinn på Dale BU	Tre skular	Felles 1-10 skule på Dale
	Alternativ 0A - Oppgradering av eksisterande skuleanlegg	Alternativ 0B - Nybygg ved Dale BU (K250)	Alternativ 1 - Fem skular med 5-10 årstrinn på Dale BU (K350)	Alternativ 2 - Tre skular - Eksingedalen, Vaksdal og Dale BU (K400)	Alternativ 3 - Felles kombinert 1-10 skule (K600)
Sum lønnskostnad i perioden	733,6 mill	733,6 mill	687,9 mill	689,2 mill	622,5 mill
Sum skysskostnad i perioden	21,4 mill	21,4 mill	30,6 mill	30,6 mill	40,2 mill
Sum FDV kostnad i perioden	229,2 mill	185,7 mill	196,8 mill	161,3 mill	150,1 mill
Sum kapitalkostnader i perioden	217,4 mill	169,1 mill	191,1 mill	184,3 mill	181,1 mill
Sum	1 201,7 mill	1 109,9 mill	1 106,4 mill	1 065,4 mill	993,7 mill
Differanse til Konsept 0A		-91,8 mill	-95,3 mill	-136,3 mill	-207,9 mill
Årlig innsparingspotensiale (snitt effektår)		-7,6 mill	-7,9 mill	-11,4 mill	-17,3 mill

Dersom kommunen legg til grunn kostnadsnivået i eigedomsstrategien for Vaksdal kommune mot 2020 (kr. 1021 pr. m² BTA) som utgangspunkt for FDV-nivået i kommunale skuleanlegg, vert innsparingspotensialet og skilnaden mellom strukturalternativa mykje større – samanlikna med ei vidareføring av dagens kostnadsnivå (jmf. kap. 7.1).

Dette er ein norm / kostnadsnivå som ikkje gjev vedlikehaldsetterslep i kommunale skulebygg.

Vaksdal kommune vil få stor økonomisk uttjeljing ved å endra på skulestrukturen – frå små og mange til større og færre barneskular – om kostnadsnivået i eigedomsstrategien mot 2020 vert lagt til grunn for vedlikehaldsnivået av skuleanlegga i framtida.